

Unni Aarflot og Randi Bergem

# **Samarbeidsformer mellom Høgskulen i Volda og skule- og barnehageeigarar**

<b>Prosjekttittel</b>	Samarbeidsformer mellom lærarutdanningane og skule- /barnehageeigarar
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda og Høgskulen i Volda
<b>Finansiering</b>	Utdanningsdirektoratet
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	978-82-7692-280-6 (elektronisk utgåve)
<b>ISSN</b>	0805-6609
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>

**Arbeidsrapportserien** er for faglege og vitenskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekan, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

## Forord

Rapporten *Samarbeidsformer mellom Høgskulen i Volda og skule – og barnehageeigarar* er ein del av prosjektet *Utvikling av samarbeidsformer mellom universitets- og høgskulesektoren og skule- og barnehageeigar* som Utdanningsdirektoratet har sett i gang. Føremålet med prosjektet har vore å kartlegge og analysere eksisterande samarbeidsaktivitetar mellom utdanningsinstitusjonar og skule- og barnehageeigarar. Å identifisere forbettringspotensial ved dei eksisterande samarbeidsformene har vore eit sentralt mål slik at ein kan gjere dei justeringane som trengst for å betre samarbeidet.

For å få innsikt i desse forholda, har vi intervjuja mange av aktørane som Høgskulen i Volda (HVO) samarbeider med. Det gjeld representantar for skule – og barnehageeigarar både i kommunar og fylke, skuleleiarar og praksiskoordinatorar i grunnskulen og vidaregåande skule, og øvingslærarar ved dei same skulane. Det er samla informasjon frå praksiskonsulentane ved Førskulelærerutdanninga (FU), Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og Allmennlærerutdanninga (AU) ved HVO, samt Kontor for etter- og vidareutdanning (KEV). Studieleiarane ved AU og PPU har også vore hjelpsame med å skaffe informasjon til prosjektet.

Takk til alle informantane for godt samarbeid, og for at dei i ein travel kvardag har tatt seg tid til å snakke med oss!

Unni Aarflot har skrivne mesteparten av rapporten, med unntak av punkta 1.1 og 1.2, som er skrivne av Randi Bergem.

I tillegg til forfattarane, har prodekan Roy-Asle Andreassen og studieleiar ved Allmennlærerutdanninga, Johann Wangen vore med i utforminga av prosjektet, og gitt nyttige innspel og kommentarar til arbeidet.

Unni Aarflot  
Randi Bergem

Volda 17. mars 2008



<b>FORORD .....</b>	<b>3</b>
<b>1 INTRODUKSJON .....</b>	<b>7</b>
1.1 PRAKSISOPPLÆRING .....	7
1.2 KOMPETANSEHEVING .....	9
<i>Kompetanseheving i tilknytning til reformer i skulen .....</i>	<i>9</i>
<i>Kompetanseutvikling – rolla til kommunar og fylkeskommunar .....</i>	<i>10</i>
<i>Kompetanseutvikling – rolla til universitet og høgskular .....</i>	<i>10</i>
1.3 DATAINNSAMLING OG GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET .....	11
<b>DEL I KARTLEGGING .....</b>	<b>13</b>
<b>2. KARTLEGGING AV SAMARBEIDSFORMER MELLOM HVO OG SKULE- OG BARNEHAGEEIGARAR .....</b>	<b>13</b>
2.1 PRAKSISAMARBEID .....	13
<i>Allmennlærerutdanninga (AU) .....</i>	<i>13</i>
<i>Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) .....</i>	<i>14</i>
<i>Førskulelærerutdanninga (FU) .....</i>	<i>15</i>
<i>Oppsummering og utfordringar .....</i>	<i>16</i>
2.2 SATSINGAR OG KOMPETANSEUTVIKLING .....	16
2.3 OPPSUMMERING AV KARTLEGGINGA .....	19
<b>DEL II : DJUPNEUNDERSØKING .....</b>	<b>21</b>
<b>3. PRAKSISAMARBEIDET MED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE .....</b>	<b>23</b>
3.1 FRÅ INDIVIDUELLE ØVINGSLÆRARAVTALAR TIL PRAKSISKULEAVTALAR .....	23
3.2 ØVINGSLÆRARANE .....	25
3.3 OPPSUMMERANDE KOMMENTARAR .....	26
<b>4 PRAKSISAMARBEIDET MED GRUNNSKULEN .....</b>	<b>29</b>
4.1 FRÅ INDIVIDUELLE ØVINGSLÆRARAVTALAR TIL PRAKSISKULEAVTALAR .....	29
4.2 ØVINGSLÆRARANE .....	30
<i>Øvingslærarane om "den nye" øvingslæraravtalen og praksisskuleavtalen .....</i>	<i>31</i>
4.3 OPPSUMMERANDE KOMMENTARAR .....	33
<b>5 FAG OG PRAKSIS .....</b>	<b>35</b>
5.1 PROBLEMSTILLINGA SETT FRÅ PRAKSISFELTET SIN STÅSTAD .....	36
5.2 OPPSUMMERANDE KOMMENTARAR .....	38
<b>6 KOMPETANSEUTVIKLING .....</b>	<b>41</b>
6.1 KORLEIS FØREGÅR SAMARBEIDET .....	41
<i>Kartlegging av kompetansehevingsbehov .....</i>	<i>42</i>
<i>Utvikling av kompetansehevingsiltak .....</i>	<i>42</i>
<i>Rolleforventningar .....</i>	<i>43</i>
<i>Suksessfaktorar .....</i>	<i>44</i>
6.2 OPPSUMMERANDE KOMMENTARAR .....	45
<b>7. OPPSUMMERING .....</b>	<b>47</b>
<b>REFERANSAR .....</b>	<b>51</b>



# 1 Introduksjon

Velfungerande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og skule- og barnehageeigarar er ein føresetnad for å oppnå den kvaliteten ein ønskjer at dagens skular og barnehagar skal ha. Føremålet med dette prosjektet har vore å kartlegge samarbeidsformene mellom lærarutdanningane ved Høgskulen i Volda (HVO) og skule – og barnehageeigar, og sjå nærare på korleis dei ulike samarbeidspartnarane opplever at samarbeida fungerer i praksis. Gode samarbeidsformer skal legge til rette for likeverdig dialog mellom partane, som igjen skal stimulere til erfaringsutveksling og læringsprosessar mellom utdanningsinstitusjon og praksisfelt. Målet med studien har vore å peike på forbettringspotensial ved dei ulike samarbeidsformene slik at **samarbeida kan justerast og vidareutviklast best mogleg**.

Rapporten er ein del av prosjektet *Utvikling av samarbeidsformer mellom universitets- og høgskulesektoren og skule- / barnehageeigar*. Dette er eit prosjekt som Utdanningsdirektoratet har teke initiativ til, og fleire lærarutdanningsinstitusjonar har fått midlar til dette arbeidet. Ved HVO har prosjektet vore eit samarbeid mellom HVO, Møreforskning Volda (MFV) og representantar frå praksisfeltet. Prosjektet har bestått av fleire delar. MFV har utført ei kartlegging og djupneundersøking med fokus på praksissamarbeid og samarbeid om kompetanseutvikling. Vidare har det vore arrangert tre dialogmøte med representantane frå praksisfeltet. På bakgrunn av undersøkingane og dialogmøta har det blitt jobba med vidareutvikling av modellar for samarbeid mellom HVO og skule – og barnehageeigarar.

Denne rapporten tek utgangspunkt i undersøkingane som MFV har utført. Rapporten består av to delar: den første delen presenterer resultat frå kartlegginga, den andre delen presenterer resultat frå djupneundersøkinga. Prosjektet har hatt **hovudfokus på praksisfeltet sine opplevingar** av korleis samarbeidet med HVO fungerer. Rapporten baserer seg difor i hovudsak på praksisfeltet sine erfaringar, meningar og tankar om forholdet mellom lærarutdanningane og utdanningsinstitusjonen på den eine sida, og den praktiske yrkesutøvinga på den andre sida (jf. 1.3).

Før vi går inn i det konkrete prosjektet, kan det vere føremålstenleg å setje det inn i ein større samanheng. Dette vert gjort ved å setje fokus på praksisopplæring og kompetanseheving, som er to hovudtema i prosjektet.

## 1.1 Praksisopplæring

Føremålet med praksisopplæringa er å gje studentane høve til observasjon av elevar og arbeidet i skulen, høve til å prøve ut undervisningsopplegg og øving i praktisk lærararbeid. Praksisopplæringa vert gjeven i barnehagar, skular eller andre opplæringsinstitusjonar etter nærare avtale med lærarutdanningsinstitusjonane.

I rammeplanen for allmennlærarutdanninga (Utdannings- og forskingsdepartementet 2003:15) heiter det at praksisopplæringa skal leggjast opp på ein måte som gjer at studentane:

- Vert kjende med mangfaldet i yrkesoppgåvene
- Møter praksisfeltet som arena for studiearbeid i faga og som arena for utforskning
- Utviklar kunnskap om samspelet mellom elevar og mellom elev og lærar
- Utviklar kunnskap om skuleleiing, klasseleiing og teamarbeid
- Reflekterer over og utviklar didaktisk kunnskap i faga og på tvers av faga

- Får arbeide i eit fleirkulturelt læringsmiljø og legg til rette for tilpassa opplæring for alle
- Får erfaring med samarbeid heim-skule
- Analyserer praksiserfaringane i lys av teori, læreplanar for grunnskulen og egne erfaringar med elevar
- Får erfaring med arbeidsmetodar som fremjar entreprenørskap

Desse måla stiller store krav til kvar enkelt aktør, som student, høgskule og praksisskule, men **ikkje minst stiller det store krav til samarbeidet og dialogen mellom dei ulike aktørane.** På institusjonsnivået er utfordringa å legge til rette for eit godt samspel mellom teoriundervisning og praksisopplæring. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) etterspør planar som i større grad styrer samanhengen mellom teoriundervisninga og praksisopplæringa (NOKUT 2006a). For at utdanningane skal klare å vere i forkant av utviklinga i skule og barnehage, må det vere eit systematisk samarbeid og lærarutdanningsinstitusjonar må etablere slike samarbeidsorgan i sine lokalmiljø. Sjølv om mange institusjonar har slikt samarbeid, særleg knytt til etter- og vidareutdanning, viser evalueringa at skule- og barnehageeigar etterlyser meir kontakt og høve til å kunne påverke utdanninga (NOKUT 2006a).

I stortingsmeldinga om ny lærarutdanning (St.meld. nr 16 (2001-2002)) står det følgjande om samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonar og praksisfeltet:

Den enkelte lærerutdanningsinstitusjon bør opprette et lokalt samarbeid med barnehage- og skoleeiere, utdanningsdirektør og fylkesmann. Et slikt samarbeid vil kunne bidra til god planlegging av studentenes praksis og praksisrettede prosjekter, til justeringer av fagplaner i grunnutdanningen og til kompetanseheving i forhold til praksisfeltet for dem som underviser i lærerutdanningen.

Evalueringa av allmennlærerutdanningane i Norge viser at samarbeidet mellom praksisfeltet og lærarutdanningsinstitusjonane er ei utfordring, og at det er ein veg å gå før det kan seiast at dette fungerer tilfredsstillande:

Integreringen av praksis, fagstudium, fagdidaktisk- og pedagogisk teori er en stor utfordring for allmennlærerutdanningen... Evalueringen viser dermed at kommunikasjonen mellom ulike aktører i allmennlærerutdanningen har potensial for forbedring (NOKUT 2006a:4).

Den same evalueringa formidlar at det er manglande kommunikasjon mellom ulike sentrale aktørar retta mot målsetjinga om heilskapleg allmennlærerutdanning. For å kunne skape god dialog er det også ein føresetnad at institusjonar som utdannar lærarar har kjennskap til praksisfeltet, og at skuleeigarar og praksisskular oppfattar seg sjølve som viktige medspelarar i utdanninga av lærarar.

Stortingsmelding nr 16 (2001-2002) slår fast at dei som arbeider i lærarutdanningane er pliktige til å halde seg oppdatert på utviklinga og nyvinningar i dei faga som inngår i studiar i utdanninga, men også med utviklinga i barnehage, skule og yrkesliv. Dette inkluderer også god kjennskap til reformer, utdanningspolitiske debattar osv. For at slike forhold skal kunne vise att i lærarutdanning, både i teori og praksis, må lærarutdanningane ha kjennskap til praksisfeltet (St.meld nr 16 (2001-2002)), og skuleeigarar og praksisskular må sjå at dei har ei viktig rolle i lærarutdanninga. Praksis bør organiserast på ein fleksibel måte, mellom anna slik at kontakten mellom høgskulen og praksisskular må kunne oppretthaldast også utanfor dei



fastlagde praksisperiodane. Kontakt gjennom heile studieåret vil kunne auke utbyttet av samarbeidet både for høgskulane, studentane og praksisskulane.

## **1.2 Kompetanseheving**

Samarbeid med praksisfeltet er viktig i utdanninga av nye lærarar mellom anna slik det vert gjort gjennom praksisopplæringa, men samarbeid med praksisfeltet er også nødvendig i tilknytning til etter- og vidareutdanning.

I tillegg bør samarbeidet omfatte planer for etter- og vidareutdanning av lærere og lærerutdannernes deltakelse i barnehage- og skoleutviklingsprogrammer. Institusjonene må også samarbeide med arbeids- og næringsliv i regionen. Alle lærerutdanningsinstitusjoner bør inngå et samarbeid med fylkesmann og utdanningsdirektør, med representanter for barnehage- og skoleeiere og med arbeids- og næringsliv i regionen (St.meld nr 16 (2002-2002) pkt 5.3.3).

Lærerutdanningsinstitusjonane skal medverke til å styrke kompetansen til øvingslærar og andre lærarar gjennom etter- og vidareutdanning. Såleis må nettverket mellom skulane og høgare utdanning bli tettare. Samspelet mellom forskingsbasert kunnskap og kompetanse i skulane er aldri etablert ein gong for alle, dette må stadig haldast ved like og utviklast vidare.

Samarbeid med praksisfeltet må også skje gjennom FoU-verksemda ved lærerutdanningsinstitusjonane. Det er eit mål at FoU-verksemda ved høgskulane skal vere praksisretta. Bruk av studentar i slik verksemd, til dømes til intervjuing og observasjon, vil vere føremålstenleg mellom anna med tanke på å auke studentane sin refleksjon rundt praksis. At studentar får vere med på analysearbeid og rapportering frå FoU-prosjekt vil vere føremålstenleg både for studentane og for det konkrete prosjektet.

## **Kompetanseheving i tilknytning til reformer i skulen**

I tilknytning til reformer i grunnskule og vidaregåande opplæring, til dømes Reform 94 og Reform 97 vart det satsa på etter- og vidareutdanning. Evalueringa av tiltaka viste at det i stor grad dreidde seg om kortvarige etterutdanningskurs og i mindre grad om kompetanse retta mot langsiktige endringsprosessar i skulen (t.d. Blichfeldt mfl 1998, Haug 2004). Mange lærarar deltok i etter- og vidareutdanningsaktivitet, men dette førte berre til mindre endringar både når det gjaldt individuell og kollektiv praksis i skulen. Evalueringane viste også at det var dårleg samsvar mellom behov lokalt og kompetansehevingstilboda som vart sette i verk frå sentralt nivå. Kompetansehevingstiltaka var retta mot enkeltdeltakarar i større grad enn mot skulen som organisasjon. Kompetanseheving er i fokus også i samband med Kunnskapsløftet L06, mellom anna gjennom "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008." FAFO evaluerer denne satsinga (Hagen, Nyen og Hertzberg 2006, 2007). Denne evalueringa skal samanfattast i ein sluttrapport våren 2009.

I ei kartlegging ved skular som starta tidleg med L06/Kunnskapsløftet (skuleåret 2005-2006) kom det fram at det var stort behov for kompetanseheving i enkeltfag, i elevvurdering, enkeltemne osv, men det kom også fram at det ikkje er føremålstenleg å "sende folk på kurs her og der" (Bergem, Bachmann, Båtevik og Kvangarsnes 2006). Det vart poengtert at kurset må vere målretta mot arbeidet ved eigen skule. Mange lærarar og skuleleiarar ser større verdi av utviklingsarbeid og kompetansehevingstiltak som skjer ved eigen skule enn av deltaking på

eit kurs som ikkje direkte er kopla til arbeidet ved skulen. Ved skular som hadde sett av tid til lokalt læreplanarbeid, synest det som om lærarane var meir nøgde med, og motiverte for, arbeidet med iverksetjing av nye læreplanar (Bergem mfl 2006). Denne kartlegginga viser altså at iverksetjing av nye læreplanar mellom anna føreset at det vert lagt til rette for lokalt læreplanarbeid og kollegalæringa.

## **Kompetanseutvikling – rolla til kommunar og fylkeskommunar**

Tidlegare har det i stor grad vore utdanningsaktørar sentralt som har retta seg direkte mot universitet og høgskular og presentert kva som bør vektleggast i deira etter- og vidareutdanningstilbod overfor personalet i grunnskule og vidaregåande opplæring. Dette gjeld generelt og spesielt i tilknytning til reformer i skulen. **I dag er denne rolla i større grad lagt til kommunar og fylkeskommunar som skuleeigarar.** Med andre ord er det skuleeigarane som skal kartlegge kompetansebehov og formidle desse til universitet og høgskular. Dette kan skje i form av bestillingar, men også slik at tilbod vert utvikla i dialog mellom skular, skuleeigarar og universitet/høgskular. For mange skuleeigarar er dette ei ny rolle og arbeidet vil sjølvsgt vere påverka av korleis det vert arbeidd med kompetansehevingsplanar ved dei ulike skulane i kommunar og fylkeskommunar. Ikkje minst vert det avgjerande korleis planane ved dei enkelte skulane kan sameinast på ein god måte i ein felles kompetanseutviklingsplan for kommunen. Forslag til kommunal kompetanseutviklingsstrategi må vere forankra hos personalet ved den enkelte skule på ein slik måte at det er i samsvar med opplevde behov der. Dersom det ikkje er slik, vil det truleg bli vanskelegare å skape oppslutnad om og mobilisering rundt strategien.

Evalueringa som vert gjort av FAFO viser (så langt) at dei fleste skulane, som er med i evalueringa, har kartlagt kompetanse og kompetansebehov, men det varierer i kva grad det skjer prosessar på skulane for å definere behov (Hagen, Nyen og Hertzberg 2007). Vidare ser det ut til at prioritering av behov og val skjer på skuleeigarnivå, at prosessen i det store og heile er toppstyrt og at lærarane er lite involvert og engasjert i prosessen (Hagen mfl 2007). Det kan sjølvsgt vere eit spørsmål i kva grad det er lagt opp til og gitt rom for dialog og samarbeid mellom skuleeigar og skular/lærarar både når det gjeld kartlegginga og prioritering av tiltak.

## **Kompetanseutvikling – rolla til universitet og høgskular**

Når kommunar og fylkeskommunar vert meir sentrale aktørar i definering av kompetanseutviklingsbehov, vil det kunne føre til meir variasjon i bestillinga enn tilfellet var når kompetansebehovet i større grad vart definert nasjonalt. Dette inneber at universitet og høgskular må vere meir **fleksible og tilpassingsdyktige** når det gjeld kompetanseutviklingstilbod. Det er i alle fall to spørsmål som kan melde seg, det eine er kor langt universitet og høgskular vil kunne tilby det som vert etterspurt. Det andre er i kva grad universitet og høgskular vil ha ei slik tilbydarrolle tufta på etterspurnad, samanlikna med ei rolle der dei i større grad definerer behov og er i dialog med praksisfeltet om utvikling av tilbod.

På bakgrunn av dette ser vi at det har skjedd endringar på nasjonalt nivå både når det gjeld praksis og kompetanseutvikling. Praksissamarbeid og samarbeid om kompetanseutvikling mellom HVO og skuleeigar er altså tema som går inn i ein større nasjonal debatt.

### **1.3 Datainnsamling og gjennomføring av prosjektet**

Arbeidet starta med ei **kartlegging** av alle områda HVO samarbeider med skule- og barnehageeigarar på. Det vart gjennomført 13 telefonintervju med aktørar som på ulike måtar samarbeider med lærarutdanningane. Dei som har blitt intervjuet er barnehagestyrarar og skuleeigarar på kommunalt og fylkeskommunalt nivå, samt representantar frå ulike utval som HVO er med i på fylkeskommunalt nivå. I tillegg er det samla inn informasjon via praksisansvarlege ved Allmennlærerutdanninga, Praktisk-pedagogisk utdanning og Førskulelærerutdanninga. Målet med kartlegginga var å finne ut korleis desse samarbeida er organisert og korleis dei fungerer i praksis.

Vidare vart det utført ei **djupneundersøking** med fokus på to tema: det eine gjaldt praksissamarbeidet med særleg fokus på samanhengen mellom fag og praksis, det andre gjaldt samarbeidet om kompetanseutvikling. I denne fasen vart skuleleiarar/praksiskoordinatorar frå tre grunnskular og to vidaregåande skular intervjuet. Grunnskulane vart valde ut i frå dei kommunane som HVO har faste avtalar med, og dekkjer alle skuletrinna. Dei vidaregåande skulane er også valt ut i frå skulane som HVO har faste avtalar med, og dekkjer skular med både allmennfaglege og yrkesfaglege linjer. Øvingslærarar ved dei utvalde skulane og representant for skuleeigar vart også intervjuet. I tillegg har vi intervjuet kommunar der HVO har hatt samarbeid om kompetanseutvikling. Tilsaman er det utført 21 kvalitative intervju i djupneundersøkinga. I denne fasen av prosjektet vart det også henta inn informasjon frå studieleiarane ved AU og PPU, samt frå kontaktperson for Kontor for etter – og vidareutdanning (KEV) ved HVO.

Dei fagtilsette ved HVO har ikkje vorte intervjuet i dette prosjektet. Vi ser likevel at dette er ei gruppe som er sentrale i forhold til fleire av dei tema som blir tekne opp i rapporten. Slik sett er det ei svakheit ved arbeidet at ingen representantar frå fagmiljøa ved HVO har blitt intervjuet. Valet om å prioritere representantar frå praksisfeltet i datainnsamlinga vart gjort fordi vi såg det som viktig å systematisk samle informasjon om korleis praksisfeltet opplever samarbeidet. Vi ser likevel at dersom dei fagtilsette også hadde vore med i prosjektet, kunne vi få eit endå meir nyansert bilete av dei problemstillingane som blir tekne opp.



## DEL I Kartlegging

### 2. Kartlegging av samarbeidsformer mellom HVO og skule- og barnehageeigarar

Målet med kartlegginga er å gi ei oversikt over område der HVO samarbeider med skule- og barnehageeigarar, korleis desse samarbeida er organisert og korleis dei fungerer i praksis. Det er gjennomført telefonintervju med aktørar som på ulike måtar samarbeider med lærarutdanningane.

Samarbeidet mellom lærarutdanningane ved HVO og skule- og barnehageeigarar kan delast i tre kategoriar:

- **Praksissamarbeidet** mellom utdanningsinstitusjonen og skule – og barnehageeigarane
- **Utval og satsingar** som HVO deltek i, til dømes knytte til Kunnskapsløftet og Barnehageløftet
- Samarbeidet om **kompetanseutvikling** som HVO har med kompetanseregionane i fylket. Denne kategorien handlar altså om samarbeid, der HVO møter skule – og barnehageeigar, og er ikkje direkte knytt til praksisopplæringa.

#### 2.1 Praksissamarbeid

##### Allmennlærerutdanninga (AU)

Praksissamarbeidet ved AU føregår på mange felt. Fokus i kartlegginga har i hovudsak vore å sjå nærare på **Leiarforum** ettersom det er her skuleeigar møter. Leiarforum vart starta opp av AU i 2003. Her møter studieleiar og praksisansvarleg frå AU, og skuleleiarane frå praksisskulane som AU har avtalar med. I somme tilfelle kan også inspektørar frå skulane møte her. Praksisskulane er fordelte i seks kommunar, der to av kommunane har faste praksisavtalar med HVO. Skuleeigar frå desse to kommunane møter også. For høgskulen er målet for Leiarforum at utdanningsinstitusjonen og praksisfeltet skal få nære koplingar, slik at det kan leggest til rette for best mogleg praksis for studentane i allmennlærerutdanninga. Det er også eit mål å **forankre samarbeidet på leiarnivå**, altså involvere skuleeigarar og skuleleiarar i praksissamarbeidet.

Studieleiar ved AU kallar inn til møte og set opp agenda. Det er mogleg for alle deltakarane å kome med innspel til saker. I Leiarforum føregår det **kunnskapsutveksling** begge vegar. HVO informerer om praktiske ting kring praksis, og skulane informerer HVO dersom dei har noko dei vil ta opp. Forumet drøfter også tema som kompetanseheving og andre felles utfordringar. Det er ikkje forpliktande å møte i Leiarforum, men AU opplever at det er godt oppmøte og at dette er noko skuleleiarane prioriterer. Også frå skuleeigar si side blir Leiarforum vurdert som noko som skal prioriterast. For AU opplevast det svært positivt når skuleeigar møter, fordi desse ofte har ei klargjerande rolle i mange av problemstillingane som blir tatt opp. I tillegg tilfører dei diskusjonane fleire dimensjonar, noko som blir oppfatta positivt frå AU si side. Motivasjonen skuleeigarane har for å møte i Leiarforum er å vere med å påverke, og å medverke til å gjere praksissamarbeidet best mogleg. Eit anna motiv er at det i stor grad vert rekruttert lærarar med utdanning frå HVO til skular i desse kommunane, difor er

det i skuleeigars interesse at utdanninga og praksisen skal vere best mogleg. Praksis fungerer også som ein arena for å bli kjent med potensielle kandidatar til ledige stillingar.

Leiarforum ser ut til å vere eit velorganisert og etablert samarbeidsforum, noko både skuleeigar og praksisansvarleg ved AU gir uttrykk for. For AU har etablering av forumet letta arbeidet for den praksisansvarlege. Det har blitt ei meir opa linje mellom utdanningsinstitusjonen og praksisfeltet, det gir meir innsyn begge vegar og kommunikasjonen går lettare. Skuleleiarane har fått meir ansvar, noko som gjer det enklare å løyse utfordringar undervegs i praksisen. Til dømes har skuleleiarane eit større ansvar for å finne løysingar dersom ein øvingslærer skulle bli sjuk. Frå skuleeigar si side blir Leiarforum vurdert som eit godt tiltak: *”Målet er jo at praksisdelen skal bli så god som mogleg og dette skal vere eit møtepunkt for å sikre samarbeid. Eg synest dei har lukkast med å få til det.”* Skuleeigar opplever forumet som eit møtepunkt som sikrar at det vert arbeidd samla for eit best mogleg praksissamarbeid. AU og skuleeigar gir såleis uttrykk for at dei jobbar ut i frå felles mål i Leiarforum.

## Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

Organiseringa av praksis for PPU studentar har nokre særigne utfordringar. Det er mellom anna vanskeleg å vite kva fagbakgrunn studentane har frå år til år, noko som gjer at PPU kan ha behov for ulike øvingslærarar frå det eine året til det andre. At fleire tek PPU som eit deltidsstudium skaper også utfordringar for praksis fordi dette må planleggast med tanke på eventuelt arbeid studenten har ved sida av studiet. Dette kompliserer arbeidet med å finne relevant praksisplass til den enkelte student.

Ved PPU blir praksissamarbeidet organisert etter to modellar:

- Den eine modellen består av faste avtalar PPU har med 7 praksisskular. Desse skulane kan ta i mot minimum 4-5 studentar per år. Dei faste avtalane skaper ein viss kontinuitet for HVO, ettersom dette inneber at skulane kan ta i mot fleire studentar over tid. Frå høgskulen si side ligg det også eit ansvar for å gi desse skulane eit visst volum av studentar kvart år. Kvar av desse skulane har ein **praksiskoordinator** som praksisansvarlege ved høgskulen har kontakt med. Praksiskoordinatorane kan anten vere rektorar, inspektørar eller andre tilsette i staben.
- I den andre modellen har praksisansvarleg ved PPU direkte kontakt med den enkelte øvingslærer. Dette gjeld for dei skulane som HVO ikkje har faste praksisavtalar med, og som dermed heller ikkje har praksiskoordinatorar som ein del av staben sin.

PPU innførte ordninga med praksiskoordinatorar ved skulane i 2006. For høgskulen lettar dette arbeidet, fordi praksisansvarlege no har kontakt med koordinatoren ved skulen i staden for kvar enkelt øvingslærer. I og med at ordninga er ny, har det førebels berre vore arrangert eitt møte med alle praksiskoordinatorane samla. Intensjonen frå PPU si side er at dette skal bli fast ein gong per år. Slik det er tenkt, vil initiativ og ansvar for praksiskoordinatormøta liggje hos høgskulen. Møta er ikkje obligatoriske, men er basert på at den enkelte skule møter utifrå eiga interesse. Sakliste vil bli utarbeidd ved HVO, men alle skal kunne melde saker til møta. For PPU er dette ein måte å bli kjent med praksisfeltet på. I tillegg reiser praksisansvarleg ved PPU rundt og besøker kvar skule ein gong i året. Motivasjonen for dette er både å marknadsføre PPU og å auke skulane sin kunnskap om praktisk-pedagogisk utdanning.

Kjennskap til praksisfeltet blir vurdert som viktig for ikkje å legge opp samarbeidet berre etter HVO sine premissar og behov.

Utarbeiding av PPU sin praksisavtale skjedde i samarbeid med Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal Fylke og Utdanningsforbundet. Utover kontakten i etableringsfasen er det liten kontakt mellom PPU og skuleeigar. I dei tilfella det har vore kontakt blir dette av begge partar vurdert som svært nyttig. Skuleeigar vurderer det slik at praksissamarbeidet har hatt ei positiv utvikling. At skulane som organisasjon er meir aktive og ansvarlege blir oppfatta som positivt. Skuleeigar har evaluert den nye ordninga med praksiskoordinatorar ved hjelp av spørjeskjema, og konkluderer med at det no er funne ei ordning som fungerer godt.

PPU er medvitne om at det er viktig å ”spele på lag” med skulane, fordi dei er avhengige av at skulane vil ta på seg jobben med å vere praksisskule. Høgskulen ønskjer at skulane skal oppleve at det er spennande å ha studentar og at dei får noko tilbake. Dei skal også kunne forvente å få noko tilbake frå HVO. Høgskulen prøver å ha fokus på haldningar i skulane og få dei til å sjå det som del av si oppgåve å vere med å utdanne lærarar. Våre inntrykk er at skuleeigar og HVO i stor grad har felles forståing av mål og utfordringar.

## **Førskulelærerutdanninga (FU)**

Før 2002 var det avtalar mellom den enkelte øvingslærer og FU. I tråd med endringar som har funne stad i dei nasjonale avtalane, er no barnehagestyrarane langt meir involverte og det blir skrivne samarbeidsavtalar mellom HVO og barnehageeigarar (både kommunale og private). FU har femårige avtalar med i alt 16 barnehageeigarar. I tillegg er det inngått eit meir forpliktande samarbeid med fire barnehageeigarar. Desse avtalane er fireårige, og barnehagane har forplikta seg til å ta i mot eit fast tal studentar kvart år i denne fireårsperioden.

FU har organisert praksissamarbeidet med barnehagane i to utval: Styrarnettverk og arbeidsutval. **Styrarnettverket** møtest to gonger i året. Her møter FU alle barnehagestyrarane dei har avtalar med. Initiativ til dette samarbeidsforumet kjem frå FU, som også er ansvarlege for innkalling og sakslister. Sakslistene blir førebudde i samspel med arbeidsutvalet. Tema i styrarnettverket er årsplan, anna planarbeid, evaluering av året som har gått, orientering om endringar og liknande. Barnehagestyrarane får fortelje om kva dei driv med og får møte andre styrarar for praksisbarnehagar. FU prøver også å legge inn faglege innslag, slik at styrarane skal føle dei får noko igjen for samarbeidet. Styrarane vi har snakka med gir uttrykk for at dei set stor pris på slike faglege innslag. Barnehagane har ikkje forplikta seg til å vere med i styrarnettverket, likevel er frammøtet i nettverket bra. Styrarane har eit overordna ansvar for å oppdatere seg innan feltet, og FU opplever at det er interesse for nettverket.

Styrarane frå dei fire barnehagane, som FU har fireårige samarbeidsavtalar med, møter i **arbeidsutvalet**. Studieleiar og praksiskonsulent ved FU kallar inn til møte etter behov, dvs omlag 1-2 gonger i halvåret. Dette fungerer som eit forum der høgskulen kan søke råd frå praksisfeltet. FU har eit tettare samarbeid med arbeidsutvalet enn med styrarnettverket. Sakene som blir tatt opp i utvala kan vere dei same, men dei blir meir detaljert drøfta i arbeidsutvalet enn i styrarnettverket. Det kan vere forhold FU tek opp med arbeidsutvalet før det blir tatt opp i styrarnettverket. Å førebu saker til styrarnettverket er difor ei sentral oppgåve for arbeidsutvalet. Justering av praksisperiodane og justering av evalueringsskjema er døme på arbeid som styrarane i denne gruppa har vore delaktige i. Arbeidsutvalet har også gitt høyringsuttale til revidert rammeplan, og teke del i planlegging av fagdagar. Å vere

avtalebarnehage inneber å møte i arbeidsutvalet. Styrarane her uttrykkjer at dei har eit ansvar for å følgje opp. FU prøver å gi noko tilbake i kraft av å prioritere desse barnehagane, mellom anna i forskingsprosjekt som høgskulen arbeider med.

Tilbakemeldingane på arbeidsutvalet er positive. Styrarane seier at dei mellom anna har fått eit betre samarbeid med faglærarane og veit meir om kva HVO driv med. Vidare trur dei at faglærarane også har meir kontakt med øvingslærarane og at det er meir ideutveksling mellom barnehagane og HVO enn det var før. Av deltakarane i arbeidsutvalet som har blitt kontakta i denne kartlegging, er det ei klar oppfatning om at deira røyster blir høyrte på møta. Ein av dei seier følgjande: *”Ja, eg meiner at vi har reell påverknad. Dette er ikkje berre svada, det er ikkje berre møte for å ha møte. Eg trur også at desse møta er viktige for FU.”* FU og barnehagestyrarane er opptatt av at praksis skal vere så god som råd både for studentane og øvingslærarane, og gir uttrykk for at dei jobbar ut i frå felles mål i arbeidsutvalet.

## **Oppsummering og utfordringar**

Kartlegginga av praksissamarbeid har gitt oss innblikk i korleis samarbeidet fungerer for HVO og for skule – og barnehageeigar. Dei viktigaste momenta kan summerast opp slik:

- HVO og skule- og barnehageeigarar har i stor grad felles mål for praksissamarbeidet. Begge partar er opptekne av å gjere praksisen ved lærarutdanningane så god som mogleg. Skuleeigar opplever at Leiarforum er ein stad der vedkomande har høve til å påverke organiseringa av praksis, medan barnehagestyrarar opplever at dei har reell påverknad på organiseringa av praksisen ved FU. Når det gjeld PPU, så er den nye ordninga med praksiskoordinatorar oppretta i 2006, såleis er det tidleg å evaluere denne ordninga slik det er gjort når det gjeld Leiarforumet i AU og arbeidsutvalet i FU. Skuleeigar signaliserer likevel at den nye organiseringa ved PPU med praksiskoordinatorar er svært føremålstenleg.
- Både for AU, PPU og FU er det viktig å få forståing for at lærarane i skulane og barnehagane må sjå seg sjølv som lærarutdannarar. Det blir påpeika at dei ikkje alltid er medvitne på at dei har ei slik rolle. Det kan virke som skuleleiinga har betre forståing for dette, medan øvingslærarane har vanskelegare for å ta inn over seg dette ansvaret. Dette kan ha samband med at øvingsopplæringa kjem i tillegg til den vanlege undervisninga.
- Skule – og barnehageeigar vurderer den praktiske og administrative delen av praksissamarbeidet som velorganisert.
- Skule – og barnehageeigarane er opptekne av å få fagleg utbyte av samarbeidet med høgskulen. I dei tilfella barnehagane eller skulane har fått fagleg påfyll i samband med praksissamarbeidet, blir dette vurdert som svært positivt.

## **2.2 Satsingar og kompetanseutvikling**

HVO samarbeider også med skule – og barnehageeigarar utanom sjølv praksissamarbeidet. Under følgjer ein gjennomgang av ulike utval og satsingar som HVO tek del i, der dei enten direkte eller indirekte samarbeider med skule – og barnehageeigar.



HVO møter i **Kunnskapsløftet si fylkesgruppe**. Gruppen er eit organ som skal medverke til iverksetjing og gjennomføring av reforma. Frå fylket si side blir HVO opplevd som ein viktig samarbeidspartnar i arbeidet med Kunnskapsløftet. For kompetanseutvikling av lærarane blir HVO sett på som heilt nødvendig samarbeidspart i arbeidet fylket gjer innanfor Kunnskapsløftet. Fylket meiner at HVO har vore heilhjarta med i dette arbeidet, og at dei har sikta seg inn på reforma og styrka kompetansen sin på fag som er viktige i denne samanhengen. Særleg blir matematikk og naturfag trekt fram som døme på dette.

HVO møter også i **Barnehageløftet si fylkesgruppe**.<sup>1</sup> Barnehageløftet skal mellom anna medverke til kompetanseheving blant personalet i barnehagane, og HVO tilbyr kurs retta inn mot Barnehageløftet. I tillegg samarbeider HVO med fylket og Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal om den årlege Barnehagekonferansen.

**Nytt på nytt** er eit samarbeidsprosjekt mellom HVO og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) som gjeld oppfølging av nyutdanna lærarar i skule og barnehage. Prosjektleiing og gjennomføring ligg hjå HVO. Fylket legg vekt på at oppfølging av nyutdanna lærarar er viktig, og bør prioriterast sterkt. I kartlegginga har alle skule- og barnehageeigarane, som er intervjuet, blitt spurde om deira erfaringar med Nytt på nytt. Nokre har høyrte om ordninga, andre ikkje. I Volda og Ørsta blir det tilsett få nyutdanna lærarar, noko som gjer at ordninga ikkje blir fullt så ofte nytta her som i andre kommunar. Sjølv om det ikkje har vore aktuelt å nytte seg av ordninga for alle, har dei likevel mottatt brev med informasjon om satsinga, noko som bidreg til å gjere ordninga kjent. I dei tilfella det er relevant å nytte seg av ordninga, blir den oppfatta som positiv.

HVO møter også i **Rådet for kompetanseutvikling i Møre og Romsdal**. Rådet arbeider med kompetanseutvikling innan barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring. Her møtest representantar frå kommunane, representantar frå høgskulane i fylket, Folkeuniversitetet, Utdanningsforbundet, Utdanningsavdelinga i fylket og KS. Rådet har møte 2 gonger i året. Møta har vore på fylkeshuset i Molde, men rådet ønskjer no å halde møta på høgskulane i fylket. Dette håper dei vil forplikte høgskulane meir til å møte. HVO sitt frammøte blir likevel trekt fram som bra.

Rådet vart oppretta tidleg på 1990 talet etter initiativ frå skuledirektøren. Rolla til rådet har endra seg frå tidlegare å ha jobba med utviklingsarbeid og kursing, til i dag å ha ei rådgevings- og koordineringsrolle. Rådet fungerer som eit fora der aktørane møtest og får utveksla erfaringar. Frå fylket si side er det viktig å skape kontakt mellom aktørane i fylket slik at dei som tilbyr kompetanseutvikling veit om kvarandre og kan utfylle kvarandre, snarare enn å vere konkurrentar. Det blir til dømes trekt fram at HVO og Folkeuniversitetet tidlegare tilbydde like tenester, noko som gjorde at dei stod i eit konkurranseforhold. Rådet for kompetanseutvikling jobbar for å hindre slike situasjonar gjennom å skape oversikt og koordinere arbeidet innan etter- og vidareutdanning i fylket.

Den geografiske avstanden mellom Molde og Volda blir sett på som ei utfordring. Det vert opplevd som problematisk at den einaste lærarutdanninga i fylket, ligg så langt sør i regionen. Dette fører mellom anna til at kommunar på Nordmøre nyttar aktørar i Trondheim til kompetanseutvikling framfor HVO. Dette er ikkje ein ønskjeleg situasjon slik fylket ser det, då dei er opptekne av at kommunane bør bruke høgskulane i fylket.

---

<sup>1</sup> Møreforskning har ikkje fått kontakt med informant frå denne gruppa.

Fylket opplever at kontakten med HVO er god og at dei arbeider mot same mål. Men det ligg forbettringspotensial mellom anna i å inkludere fleire representantar frå HVO i rådet, til dømes kunne Kontor for etter – og vidareutdanning (KEV) og Førskulelærerutdanninga vere involvert.

**Kunnskapsløftet – styringsgruppe** ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Når det gjeld Kunnskapsløftet har Avdeling for Humanistiske fag og Lærarutdanning (AHL) oppretta ei eiga styringsgruppe der Kontor for etter – og vidareutdanning (KEV) er med. St.meld. nr. 30 (2003-2004), plan for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa *Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa (2005-2008)*, samt andre utgreiingar frå sentral hald, ligg til grunn for HVO sitt arbeid med Kunnskapsløftet. Det er eit sentralt mål at HVO saman med kommunane og skulane skal inngå i forpliktande og langsiktige samarbeid om kompetanseutvikling og utvikling av skulane. Fagmiljøa leverer tenester til prosjektet etter avtalar som KEV får med skuleeigar. HVO har inngått avtalar både med regionar, einskildkommunar og skular om etter – og vidareutdanningstiltak innanfor Kunnskapsløftet. Det er mellom anna inngått avtalar med kommunane Ulstein, Gjemnes, Fræna og Eide, Molde og Haram. I kartlegginga er alle skule- og barnehageeigarane som er intervjuet, spurde om erfaringane med arbeidet HVO gjer i tilknytning til Kunnskapsløftet. Satsingane i matematikk og naturfag vert ofte nemnt. Mange er svært nøgde med erfaringane frå desse. Nokre opplever likevel at dei, innanfor andre fagområde, ikkje har fått den støtta frå HVO som dei hadde ønskt i sitt eige arbeid med gjennomføringa av Kunnskapsløftet. Dette handlar både om at nokre kommunar opplever at HVO ikkje har den kompetansen kommunane etterspør, samt at det handlar om pris på dei tenestene HVO tilbyr. Det er likevel viktig å merke seg at i dei tilfella der det er inngått samarbeid, er erfaringane gode.

**HVO sitt samarbeid med kompetanseregionane.** Kommunane i Møre og Romsdal Fylke er organisert i fire kompetanseregionar; Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Frå 2005 har kommunane fått eit større ansvar når det gjeld etter – og vidareutdanning. Dette er eit område der kommunane er avhengige av å nytte kompetanse på universitets- og høgskulenivå. HVO stiller på møte i kompetanseregionane etter innkalling ved spesielle saker. Regionane søker elles samarbeid med HVO som samla eining der det høver, eller som einskildkommunar der det høver. For kompetanseregionane er det særleg innan etter- og vidareutdanning det er aktuelt å samarbeide med HVO. Motivasjonen kompetanseregionane har for å inngå samarbeid med HVO er mellom anna at dei ønskjer å ha ein sterk høgskule med høg kompetanse i regionen. Mange av kommunane rekrutterer dei fleste av lærarane sine frå HVO, og har såleis eit ønske og ei eigeninteresse i at utdanninga skal vere så god som mogleg.

Kompetanseregionane har ulike erfaringar frå samarbeidet med HVO. Det er mellom anna skilnader mellom regionane når det gjeld i kva grad dei opplever at dei får dekt behova sine gjennom dei tilboda HVO har. Kommunane som har nytta HVO innan etter – og vidareutdanning, meiner det er positivt at HVO i større grad enn før tilpassar kursa til kommunane sine behov.

Fleire av kommunane opplever likevel at HVO sine tilbod ikkje alltid samsvarer med behova dei har, og dette er ei utfordring. Kommunane ønskjer meir dialog i planlegginga av kva kurs HVO skal tilby. Dette handlar om at kommunane får tilbod om kurs som dei ikkje har behov for eller ønskjer å prioritere. Område som dei har behov for å samarbeide med HVO om, opplever dei at HVO ikkje alltid kan tilby tenester på. Det må likevel nemnast at

naturfagsatsinga som HVO har sett i gang får mykje skryt av fleire informantar. Denne satsinga vart utvikla i dialog med kommunane, noko som vart opplevd som svært positivt.

I dei tilfella kommunane ikkje synest at HVO dekkjer behova deira, handlar ikkje dette berre om ulike faglege behov og interesser. Det handlar også om å forstå kvarandre sine roller. Rollene er nye for begge partar, og både kommunane og HVO må jobbe med å tilpasse seg desse rollene. Ein representant for ein av kompetanseregionane seier det slik: *”Vi må bli flinkare i bestillarrolla, og HVO må bli flinkare i konkurranserolla.”*

Denne situasjonen kan opplevast som eit dilemma for kommunane. På den eine sida ønskjer dei å ha ein sterk høgskule i regionen og kjenner eit ansvar for å vere med å ”dra i same retning” slik at HVO blir sterke. På den andre sida er kommunane styrte av trong økonomi og kjenner seg tvungne til å velje ut i frå pris. Dette inneber at kommunane må velje kurs, etter- og vidareutdanning frå universitet og høgskular som tilbyr til gunstigast pris, og det er ikkje alltid HVO. Ein informant seier dette: *”Spørsmålet om kostnadar ligg der som ein kile i eit elles godt forhold.”*

Geografien spelar også ei rolle. For dei nordlegaste kommunane i Møre og Romsdal er vegen kortare til Trondheim enn til Volda. Desse kommunane rekrutterer fleire lærarar med utdanning frå Trøndelagsfylka enn frå HVO. I desse kommunane er det dermed ein del etablerte kontaktar og nettverk til utdanningsinstitusjonar i Trøndelagsfylka. Kommunikasjonsflyten mellom HVO og desse kommunane ser ikkje ut til å vere like god som den er mellom HVO og kommunane lengre sør i fylket.

Det er ikkje same grad av felles forståing av mål hos høgskulen og skuleeigarane når det gjeld kompetanseheving som når det gjeld praksis, sjølv om begge partar har interesse av at HVO skal vere ein sterk høgskule.

### **2.3 Oppsummering av kartlegginga**

Kartlegginga har vist noko av mangfaldet i HVO sine samarbeidsaktivitetar. Praksissamarbeidet mellom alle dei tre lærarutdanningane og praksisfeltet ser ut til å vere godt og fungere føremålsteneleg. HVO og skule- og barnehageeigarar synest å arbeide ut i frå same målsetting. Alle har dei eit ønske om at lærarutdanningane skal vere så gode som råd. Dette motiverer dei til å vere med å gjere kvaliteten på praksisopplæringa god. Kartlegginga viser likevel at det er utfordringar å ta tak i når det gjeld praksissamarbeidet. Den administrative delen av samarbeidet fungerer godt, men den faglege sida av praksisopplæringa i AU og PPU er det meir delte meiningar om. Elles peikar HVO på utfordringar med å få lærarane til å sjå seg sjølv som lærarutdannarar. Desse utfordringane blir nærare studert i djupneundersøkinga (kap. 3 og 4).

Det er tidlegare omtala ei rekkje av dei satsingane og utvala som HVO tek del i. Denne delen av kartlegginga har vist at HVO har eit breitt spekter av aktivitetar, der dei anten direkte eller indirekte samarbeider med skule- og barnehageeigarar. HVO får gode tilbakemeldingar på mange av desse aktivitetane, særleg gjeld dette deltakinga deira i dei ulike råda og utvala dei er med i på fylket. Utfordringane er særleg knytte til samarbeid om kompetanseutvikling. Denne problemstillinga blir difor nærare undersøkt i djupnestudien (kap. 6).



## DEL II : Djupneundersøking

I denne delen går vi grundigare inn i problemstillingane som omhandlar **praksissamarbeid og samarbeid om kompetanseutvikling**. Praksissamarbeidet blir vurdert av fleire informantar enn i kartlegginga, og fokuset blir også retta mot samanhengen mellom fag og praksis. Vi har snakka både med skuleeigarar, skuleleiarar, praksiskoordinatorar og øvingslærarar.<sup>2</sup> Særleg sistnemnde gruppe er viktige, fordi det er dei som står for sjølve øvingsopplæringa når studentane er i praksis. I tillegg er det henta informasjon frå studieleiarane ved AU og PPU.

Praksissamarbeidet med grunnskulen og dei vidaregåande skulane har nokre detaljar som skil dei frå kvarandre, difor blir desse presentert i kvar sine kapittel. Samtidig er det også nokre **parallele problemstillingar** som går igjen ved PPU og AU sitt praksissamarbeid. På bakgrunn av dette vil nokre tema som er relevant både for PPU og AU bli tatt opp i begge kapitla, men drøftingane baserer seg på ulike informantar sine erfaringar.

Samarbeidet HVO har med skuleeigar om kompetanseutvikling, blir også her drøfta meir omfattande. Samarbeidet om kompetanseutvikling er prega av at aktørane har fått nye roller etter at ansvaret for området vart overført frå fylkesnivået til kommunenivået (jf. kap.1). Dette har gitt partane både nye utfordringar og nye moglegheiter.

Resultatet frå djupneundersøkinga blir presentert i fire kapittel. Først, i kapittel 3, tek vi for oss praksissamarbeidet PPU har med dei vidaregåande skulane i fylket. Her ser vi nærare på overgangen frå den individuelle øvingslæraravtalen til praksisskuleavtalen. Det er også med eit eige avsnitt om øvingslærarane sine opplevingar av praksisopplæringa. Til slutt oppsummerar vi praksissamarbeidet ved PPU og kjem med forslag til tiltak som kan gjere samarbeidet endå betre. I kapittel 4 er det praksissamarbeidet mellom AU og grunnskulen som er i fokus. Kapittelet er strukturert på same måte som kapittel 3. I kapittel 5 blir problemstillinga om samanhengen mellom fag og praksis drøfta. Her presenterer vi ulike betraktningar som informantane kjem med, før det vert drøfta ulike tiltak som kan redusere gapet mellom teori og praksis i lærarutdanninga. Kapittel 6 handlar om samarbeidet mellom HVO og skuleeigar når det gjeld kompetanseutvikling. Sentralt i dette kapittelet er rolleforventningane dei ulike partane har til kvarandre, og suksessfaktorane som pregar dei samarbeida som fungerer godt.

---

<sup>2</sup> Praksiskoordinatorar gjeld ved dei vidaregåande skulane



### 3. Praksissamarbeidet med dei vidaregåande skulane

Den praktisk-pedagogiske utdanninga skal gi pedagogisk kompetanse til studentar som har universitetsgrad, profesjons- eller yrkesutdanning.

Praksissamarbeidet ved PPU er organisert etter to modellar der den eine er praksisskuleavtalar og den andre er direkte avtalar med den enkelte øvingslærer (jf. 2.1). I denne undersøkinga er det skular som har inngått avtale med HVO om å vere praksisskule det handlar om. Skuleleiarar, praksiskoordinatorar og øvingslærarar ved vidaregåande skular som har praksisskuleavtale er intervjua. I tillegg er representant for skuleeigar intervjua.

Dei vidaregåande skulane viser i stor grad ei positiv haldning til samarbeidet dei har med HVO om praksisopplæring. Skulane opplever at dei får mykje igjen for praksissamarbeidet, i tillegg til at kontakten med HVO i seg sjølv blir vurdert som verdifull. Sjølv om samarbeidet krev relativt mykje administrativ innsats ved praksisskulane, er det tydeleg at samarbeidet gir mykje tilbake.

For leiinga ved skulane er det **fleire typar motivasjon** som ligg til grunn for at dei har gått inn i denne type samarbeid. Ein av dei viktigaste motivasjonsfaktorane er at det gir nye impulsar til lærarkollegiet å ha studentar på skulen. Dei tilsette blir **oppdatert både fagleg og pedagogisk**, og får ny inspirasjon. Slik oppdatering kan føre til spreining av ny kunnskap i lærarstaben. Det blir stilt nye spørsmål, som bidreg til debattar i lærarkollegiet. Tilføring av ny kunnskap til skulane, blir vurdert som svært verdifullt.

Dette handlar også om **samfunnsansvar**. Leiinga ved skulane veit at det er viktig at studentane får god praksis. Praksissamarbeidet krev at skulen viser seg frå si beste side. Å vere med å skape gode lærarar er også viktig for **den framtidige rekrutteringa** av lærarar ved skulane. Dette er eit viktig moment i og med at det er stort behov for rekruttering av lærarar i dei vidaregåande skulane i åra framover.

#### 3.1 Frå individuelle øvingslæreravtalar til praksisskuleavtalar

Å ha avtalar med praksisskular og ikkje berre individuelle øvingslæreravtalar inneber ei kulturendring. Heile skulen får medansvar for studentane sin praksis, ikkje berre øvingslæraren. For å få til dette, er det avgjerande at skuleleiar er aktiv for å mobilisere og motivere til desse endringane.

Overgangen frå individuelle øvingslæreravtalar til praksisskuleavtalar har hatt stor innverknad på dei administrative sidene ved praksissamarbeidet. **Opprettinga av praksiskoordinatorar** er kanskje det grepet som i størst grad har gjort samarbeidet enklare både for HVO og skulane. I følgje skuleleiarane og skuleeigar er dette utelukkande ei positiv utvikling av praksissamarbeidet. Ordninga med praksiskoordinator gir administrasjonen ved skulen betre oversikt over kven som er involvert i praksisopplæringa ved skulen. Dette gjer det enklare å ivareta ei totaloversikt over dei tilsette, noko som er nyttig også i anna planlegging internt ved skulen. HVO har ein intensjon om årlege møte mellom HVO og alle koordinatorane (jf. 2.1). Slik sett er det grunn til å tru at samarbeidet vil bli meir rutinemessig.

På nokre skular er praksiskoordinatorfunksjonen lagt til skuleleiar, andre har lagt funksjonen til inspektøren eller avdelingsleiar. Praksissamarbeidet er **godt forankra i leiinga** ved

skulane, det gjeld både i dei tilfella koordinatorfunksjonen er lagt til skuleleiar og i dei tilfella den er lagt til andre i staben. Skuleeigar var aktivt inne i utviklingsfasen av praksisskuleavtalane. I det vidare arbeidet har ikkje skuleeigar ei særleg aktiv rolle, fordi det er skuleleiarane som signerer avtalane og har ansvar for å følgje opp arbeidet. Fleire poengterer likevel at det er viktig med tette band mellom skuleeigar og HVO. Ein måte å ivareta slik kontakt på, kan vere å invitere skuleeigar med på møta mellom HVO og koordinatorane. Slik kan ein sikre ei forankring på det jamne, og ikkje berre i oppstartsfasen av praksissamarbeidet med skuleeigar.

Det er eit mål at studentane skal få eit godt innblikk i **skulen som organisasjon**. Ei av oppgåvene til praksiskoordinator er å legge til rette for at studentane får erfaring med fleire sider av læreryrket enn det som gjeld sjølve undervisninga. Skuleleiarane gir inntrykk av å ha eit medvite forhold til denne delen av studenten si læring. Til dømes fortel ein av skuleleiarane at det blir brukt to timar på kvar studentgruppe der det vert informert om oppbygging av skuleorganisasjonen, skulen sin mål- og tiltaksplan, personalhandboka, arbeidsavtalar og liknande. Studentane har gitt tilbakemelding om at ei slik innføring i **systemkunnskap** er noko som fører til at fleire brikker ”fell på plass”. Behovet for systemkunnskap i lærarutdanninga er eit tema som er nemnt av fleire informantar. Dette går inn i debatten om korleis studentane kan vere best mogleg førebudde både på praksis og skulekvardagen dei vil møte som ferdig utdanna lærarar. Fleire spør om ikkje dette bør integrerast i undervisninga ved HVO. Denne problemstillinga blir diskutert nærare i kapittel 5.

Øvingslærarane har ansvar for å inkludere studentane i møteverksemda på skulen og legge til rette for at dei får vere med å samarbeide i team. Gjennom intervju ser vi at øvingslærarane er opptekne av at studentane skal sjå andre sider ved skulen enn berre undervisninga, og tek difor med studentane på teammøte og fagmøte. For å medverke til inkludering av studenten i møteaktivitetar på praksisskulen, er det viktig at også studenten prioriterer dette. Somme av øvingslærarane opplever at studentane ikkje alltid prioriterer praksisen høgt nok, og i slike tilfelle er det vanskeleg å få vedkomande til å vere på skulen meir enn akkurat under undervisning og rettleiing. Av praktiske årsaker er dette også enklare å få til med heiltidsstudentane enn deltidsstudentane fordi sistnemnde gruppe kombinerer PPU studiet med annan jobb. For at dette skal bli ein sentral del av studenten sin praksis, er det også **viktig at studentane sjølve prioriterer dette**.

Intensjonen om å la studenten møte skulen som organisasjon er godt forankra blant skuleleiarane. Det same kan vi seie gjeld øvingslærarane, i og med at desse tek med studentane på teammøte og fagmøte. I kva grad dette perspektivet er innarbeidd i lærarstabens elles, har vi ikkje data på i dette prosjektet. Vi ser likevel at praksiskoordinatorane og skuleleiarane er opptekne av **å forankre praksissamarbeidet i eigen organisasjon**. Mellom anna har det kome fram ønske om at praksis blir lagt til faste veker kvart år, slik at dette kan vere planlagde og faste aktivitetar i skulane sine planar. Ideelt sett ønskjer skulane ein avtale om fast tal på studentar kvart år, noko som ikkje er mogleg å få til når det gjeld PPU, jf. 2.1. Det er også uttrykt ønske om ein tydelegare modell for avlønning, ettersom nokre synest det er uavklart korleis avlønninga skal skje. Spørsmål som kjem fram i denne samanhengen er mellom andre om det bør takast inn i dei ordinære stillingane til den enkelte øvingslærar og korleis dette bør gjerast for at det skal bli best mogleg for alle partar. Ønsket om tydelegare modellar for avlønning og faste veker for praksis i skuleåret, kan sjåast som element som kan medverke til endå betre forankring av praksisopplæringa i skulane.



## 3.2 Øvingslærarane

Å ha tilgang på motiverte øvingslærarar er avgjerande for at praksisopplæringa blir god. Det som kjenneteiknar øvingslærarane er at dei har ei **reflektert haldning til eiga undervisning** og er opptekne av **pedagogisk oppdatering**. Desse to kjenneteikna reflekterer motivasjonen øvingslærarane har for å gå inn i arbeidet. Gjennom kontakten med studentar får dei innblikk i dei pedagogiske retningane som blir vektlagt i studiet i dag. Dette gir dei ny pedagogisk kunnskap som dei stadig vurderer opp mot eigen måte å undervise på. Å rettleie studentar gjer at dei må vere medvitne på korleis dei utformar og gjennomfører egne undervisningsopplegg. Når øvingslæraren skal vurdere studenten si undervisning, så skaper dette også refleksjon over korleis øvingslæraren sjølv underviser. Slikt fokus på eiga undervisning gjer praksisopplæringa utviklande også for øvingslærarane. Somme seier også at det er spennande for elevane å ha studentar. Når det kjem ein ny person inn i klassen som har egne måtar å sjå faget på, kan det vere inspirerande for klassa. Elevane byggjer opp forventningar til praksisperioden, noko som gir eit positivt læringsmiljø.

Dei faglege oppdateringane og refleksjonane, som kjem i kjølevatnet av å drive øvingsopplæring, er det viktigaste øvingslærarane opplever at dei får igjen for arbeidet. I tillegg får dei honorar for jobben. Fleire meiner likevel at **godtgjersla er for lav** sett i forhold til arbeidsmengda dei legg ned. Sjølv om øvingsopplæringa kan vere utviklande for øvingslæraren også, kan det oppstå dilemma for lærarane når skulekvardagen er travel og dei har problem med å få det til "å gå rundt". I slike situasjonar tenkjer lærarane at engasjementet som øvingslærar blir noko av det første dei må kutte ned på. Dei som trekkjer fram dette legg vekt på at det ikkje er sjølv praksisopplæringa som er belastninga, men det er rammene i skulekvardagen generelt som tappar lærarane for krefter. Rettleiing av studentar kjem i tillegg til det andre arbeidet. Dersom dei skal ta på seg dette, er det viktig å føle at dei får godtgjersle som reflekterer arbeidsmengda det inneber å vere øvingslærar.

For øvingslærarane er det særleg to forhold som er viktige når dei får studentar. For det første er det **viktig at studenten er motivert**. I dei tilfella der øvingslærarane får umotiverte studentar blir jobben så krevjande at dei ikkje finn det verdt arbeidet. På grunn av dette har det kome ønske om at øvingslæraren skal få ha ein samtale med studenten før dei seier ja til oppdraget. Dette er ein praksis avtaleverket og HVO ikkje støttar, men det understrekar kor viktig det er for øvingslæraren at studenten er motivert. At studentane skal vere motiverte for at øvingslærarane synes det er verdt jobben, reflekterer til ein viss grad at systemet er sårbart. Det er vanskeleg å gi garanti på enkeltpersonar sin motivasjon. For det andre er det **viktig at studentane er fagleg sterke**. Særleg på allmennfagleg vidaregåande har dette vore eit problem. Ein av øvingslærarane, som har hatt fleire fagleg svake studentar, seier det slik:

Når dei ikkje har det faglege nivået, då har dei heller ikkje endringsberedskap, dei taklar ikkje å måtte endre undervisninga si undervegs etter kva situasjonar som oppstår i klassa...eg snakkar med elevane mine før studenten kjem om den situasjonen studenten er i slik at dei ikkje skal prøve å ta vedkomande. Men det faglege må ligge i botnen, det må høgskulen verkeleg presse dei på. Dei må ikkje sleppe studentane inn i vidaregåande skule utan fagleg ballast, for det er det same som å kaste dei inn i eit nederlag.

Uvissa kring det faglege nivået til studentane gjer at nokre øvingslærarar ikkje vil ta inn studentar på våren i klasser som skal ha avsluttande eksamenar.

Når det gjeld øvingslærarane sin **kommunikasjon med HVO**, er det særleg to område der det er aktuelt med kontakt; praksiskontoret og studentane sin rettleiar ved HVO. Når det gjeld kontakten med praksiskontoret, blir denne skildra som utelukkande positiv og god. Alle

dokument er tydelege og greie å forholde seg til. Øvingslærarane er opptekne av at det ikkje må bli for mykje byråkrati rundt praksisopplæringa. Dei er nøgde med kommunikasjonen slik den er i dag, og ser ikkje behov for endringar.

Når det gjeld **øvingslærarane sin kontakt med dei fagtilsette ved HVO som skal rettleie studentane i praksis, er denne meir varierande**. I kva grad det faktisk kjem fagtilsette frå HVO for å sjå studenten i undervisningssituasjon ser ut til å variere mellom yrkesfag og allmennfag. På yrkesfag ser dette ut til å vere mindre vanleg. På allmenn er det meir vanleg, men det ser ikkje ut til å vere rutinar for korleis besøka skal planleggast og gjennomførast. Øvingslærarane gir ikkje uttrykk for at dette har skapt store frustrasjonar, men skuleleiinga etterlyser likevel meir system i korleis fagtilsette ved HVO skal følgje opp studenten i praksis. Ettersom ordninga ser ut til å bli praktisert på ulike måtar, blir dette trekt fram som eit område ved praksissamarbeidet som kan forbedrast.

### **3.3 Oppsummerande kommentarar**

Det er fleire forhold ved måten praksiskontoret ved PPU har organisert praksissamarbeidet på som fungerer bra og som det truleg vil vere nyttig å halde fast ved. Både skuleleiingarane, praksiskoordinatorane og øvingslærarane synest kommunikasjonen med praksiskontoret er god. Det er ei tydeleg haldning i praksisskulane at **til mindre byråkrati det er rundt praksissamarbeidet, til betre er det**. Skuleleiingarane trekkjer fram at praksissamarbeidet i større grad er prega av handling enn møteverksemd, og meiner at dette er ein av grunnane til at samarbeidet blir opplevd som positivt. Skulane meiner at praksiskontoret har god kjennskap til dei, noko som også gjer samarbeidet enklare. Praksisskuleavtalen i seg sjølv fungerer godt, den er ikkje så rigid at partane ikkje kan justere og finne løysingar dersom det skulle vere behov for det.

Sjølv om mykje fungerer bra i praksissamarbeidet med dei vidaregåande skulane, har vi likevel sett nokre område som kan bli betre. Dei viktigaste punkta kan vi summere opp slik:

- **Avlønning.** Øvingslærarane synes honoreringa er lav, og meiner at honoreringa må gjenspegle arbeidet dei legg ned. På skuleleiingsnivå er det uavklart korleis avlønninga bør organiserast. Spørsmål som kjem fram i denne samanhengen er mellom andre om honorar/avlønning bør inn i dei ordinære stillingane til den enkelte øvingslærar. Korleis bør dette gjerast for at det skal bli best mogleg for alle partar? Det vert etterlyst ein tydelegare modell for avlønning.
- **Å legge til rette for at skulane kan få til ei forankring av praksissamarbeidet i eigen organisasjon.** For at skuleleiinga skal forankre praksissamarbeidet godt i eigen skule, er det ønskjeleg at arbeidet er så framsynt som råd. Å legge praksisen til faste veker kvart år er eit ønske som har kome fram i denne samanhengen. Punktet ovanfor, som gjeld modellar for avlønning, kan også sjåast som eit tiltak i ein forankringsprosess ved skulane.
- **Betre rutinar på korleis rettleiarane ved HVO skal følgje opp studentane i praksis.** Slik somme av informantane opplever det, så manglar det system for planlegging og gjennomføring av rettleiaren sitt besøk ut i skulane.

- **Opprette faste møte mellom HVO og skuleeigar.** Det bør vurderast om skuleeigar skal bli kalla inn til dei årlege møta HVO ønskjer å ha med praksiskoordinatorane.



## 4 Praksissamarbeidet med grunnskulen

Dette prosjektet har omfatta praksissamarbeidet som allmennlærerutdanninga HVO har inngått med kommunane Volda og Ørsta. Skuleeigarane set pris på praksissamarbeidet med HVO. Desse kommunane har lange tradisjonar for å samarbeide med høgskulen og ønskjer at det gode samarbeidet skal halde fram. Kommunane rekrutterer dessutan mange lærarar med utdanning frå HVO, såleis har dei eigeninteresse i å legge til rette for at lærarutdanninga og dermed også praksisopplæringa skal vere så god som mogleg.

Skuleeigar har eit overordna ansvar for avtalen, men det daglege arbeidet skjer ute i skulane. Skuleleiarane opplever også praksissamarbeidet som positivt. Dei meiner at skuleorganisasjonen blir tilført mykje i form av fagleg og pedagogisk oppdaterte øvingslærarar, og nye impulsar som studentane tilfører skulen. I tillegg fører øvingsskulestatusen til at skulen på det jamne sørgjer for å halde seg oppdatert på planarbeid, arbeidsmåtar osv, for å legge til rette for at studentane skal møte ein velorganisert skule. Skuleovertakinga som finn stad kvart tredje år, er også høgt verdsett av skuleleiarane, fordi dette frigjer tid som kan nyttast til kompetanseheving og utvikling for heile skuleorganisasjonen.

### 4.1 Frå individuelle øvingslæraravtalar til praksisskuleavtalar

Overgangen frå dei individuelle øvingslæraravtalane til praksisavtalar med skular blir vurdert som positiv både av skuleeigarane og skuleleiarane. Dette gir skuleleiarane betre oversikt over øvingsopplæringa ved skulen. Slik praksissamarbeidet har blitt i den nye avtalen, stiller det fleire krav til skuleleiarane enn tidlegare. Dette krev eit tettare samarbeid mellom høgskulen og skuleleiarar. Eit slikt samarbeid blir i stor grad ivaretatt gjennom Leiarforum (jf. 2.1).

Retningslinjene for praksis legg vekt på at opplæringa skal organiserast slik at heile skulen er øvingsarena. Studentane skal ha erfaring med fleire aktørar enn berre øvingslæraren og få kjennskap til **skulen som organisasjon**. Skuleleiarane har møte med studentane der dei informerer om ulike sider ved læraryrket og administrative forhold ved skulen. Skuleleiarane ser at studentane har behov for denne type kunnskap og trur dette kan vere med å hjelpe studentane til å forstå si eiga rolle i skuleorganisasjonen når dei kjem ut som nyutdanna lærarar. Skuleleiarane i øvingsskulane er samordna når det gjeld korleis denne informasjonen skal formidlast til studentane. I Leiarforum er det laga ein plan for kva tema dei skal ta opp med studentane alt etter kva år i utdanninga studentane er i. På denne måten unngår ein at studentane får den same informasjonen fleire gonger i løpet av utdanninga.

Å vere øvingsskule inneber at det ikkje berre er øvingslærarane som er ansvarlege for studentane sin praksis, men at **heile skulen er medansvarleg**. Øvingslærarane tek med studentane på møteaktiviteten på skulen (teammøte / trinnmøte / fagmøte) og på denne måten får studentane erfaring med fleire sider av skulekvardagen og får kontakt med resten av kollegiet. I kva grad lærarkollegiet faktisk ser seg sjølv som ein del av ein øvingsskule er det delte meiningar om. Nokre av øvingslærarane meiner at ideen om å inkludere studentane i heile skulen er god, men at det i praksis er vanskeleg å gjennomføre. I realiteten er det dei som får lønn for jobben som tek dette ansvaret. Også delar av skuleleiingane stadfestar at det tek tid å jobbe fram ei generell haldning blant lærarstaben om at heile skulen er medansvarleg i studenten sin praksis. **Å gå frå individuelle øvingslæraravtalar over til praksisskuleavtalar inneber ei kulturendring**. Heile lærarkollegiet må oppfatte seg sjølv som lærarutdannarar. Ein av skuleleiarane seier dette:

At det er heile skulen som er ansvarleg tek tid å jobbe igjennom. Mange opplever at dei har nok med sitt og tenkjer at når dei ikkje er øvingslærarar så er det heller ikkje deira ansvar. Men det handlar om at alle skal møte studentane, og at sjølv om det ikkje er *mine* studentar, så er dei *våre* studentar.

For å få til slike endringar må nokon vere aktive for å mobilisere og motivere til desse nye haldningane. Det er vanskeleg å sjå at nokon andre enn skuleleiar kan ta ei slik rolle i eigen stab. Dette er likevel eit arbeid som bør skje i tett samarbeid med høgskulen. Til dømes har det kome ønske om at HVO kunne rette tiltak mot heile lærarstaben slik at heile skulen opplever at dei får igjen noko for å vere praksisskule. Dette ville også tydeleggjere at heile skulen har eit ansvar. Skuleovertakingane er eit slikt tiltak, men kanskje kunne det kome andre tiltak som meir på det jamne understrekar dette poenget.

Med bakgrunn i avsnitta over kan vi seie at **forankringa** av praksissamarbeidet/praksisavtalane er ulik alt etter kva nivå i skuleorganisasjonen ein ser på. Praksissamarbeidet er forankra hos aktørane som er ansvarlege for samarbeidet; skuleeigarar og skuleleiarar. Etablering av Leiarforum har vore viktig for denne forankringa. Likevel ser vi at intensjonane i avtalen om å engasjere heile skulen i praksisopplæringa ikkje har slått heilt rot. Slik sett er det eit stykke igjen før ein har realisert potensialet i avtalen.

## 4.2 Øvingslærarane

Dyktige og motiverte øvingslærarar er eit sentralt suksesskriterium for å oppnå god praksisopplæring (Rambøll Management 2007). Alle øvingslærarane som har blitt intervjuet, viser **engasjement** for yrket sitt og er opptekne av å halde seg **fagleg og pedagogisk oppdatert**. Kontakten med lærarstudentar gir dei kjennskap til nye pedagogiske retningar og dette er for mange ein sentral del av motivasjonen for å ta på seg øvingslæraroppgåva. Gjennom kontakten med studentane får øvingslærarane også nye idear og inspirasjon. For øvingslærarane er det viktig å gi studentane god praksis. Mange øvingslærar er opptekne av å vere oppdaterte og å vise seg frå si beste side. I tillegg medverkar øvingslærarrolla til kontakt med høgskulen og innblikk i kva utdanningsinstitusjonen jobbar med, noko som mange i seg sjølv finn verdifullt.

Kontakten mellom øvingslærarane og HVO består mellom anna av øvingslærarmøte og fagdagar. På øvingslærarmøta blir det utveksla informasjon om ulike forhold som har med praksis å gjere. For nokre av øvingslærarane, som har lang erfaring frå feltet, blir ikkje møta opplevd som like nyttig som for nyare øvingslærarar. Likevel ser dei fleste på møta som nødvendige. Fagdagane som blir arrangerte skal tilby fagleg oppdatering til øvingslærarane. I kva grad øvingslærarane finn desse tiltaka nyttige, kjem an på innhaldet. Øvingslærarane er ei heterogen gruppe som jobbar på ulike trinn og har ulike faglege og pedagogiske utfordringar i sitt daglege arbeid. Nokre ønskjer difor at fagdagane kunne gitt eit meir differensiert tilbod, der øvingslærarane kunne melde seg på dei tema som passar best for deira behov.

Elles fungerer kommunikasjon med praksisadministrasjonen godt. Øvingslærarane sin kontakt med dei fagtilsette ved HVO er mindre, og er i hovudsak avgrensa til kontakten mellom øvingslærar og basisgrupperettleiar. Korleis denne kontakten fungerer varierer, ettersom øvingslærarane opplever at ordninga med **basisgrupperettleiar** er for personavhengig slik den fungerer i dag.

I dei tilfella der basisgrupperettleiinga fungerer bra, opplever øvingslærarane at dette betyr mykje for studentane og at det gjer praksisopplæringa betre. Det som kjenneteiknar god basisgrupperettleiing er at rettleiaren har blitt kjent med studentane før dei går ut i praksis, at vedkomande viser interesse for studentane si undervisning og diskuterer undervisninga med studentane i etterkant. Det er likevel ikkje uvanleg at øvingslærarane opplever at basisgrupperettleiar må "overtalast" til å kome på besøk til skulen. Det har vore tilfelle der basisgrupperettleiar ikkje kjenner studentane på førehand, og der vedkomande er usikker på kva funksjon rettleiaren skal ha i studentane sin praksis.

HVO har nedfelt i sine dokument det ansvaret basisgrupperettleiarane har i oppfølging av studentane i praksis. Øvingslærarane er også klar over at praksisadministrasjonen ved HVO informerer sine tilsette om dette ansvaret. Likevel etterlyser dei ein endå **tydelegare ansvarleggjering av basisgrupperettleiarane**. Dei same signala kjem frå skuleleiarane.

Godt samarbeid og kontakt mellom praksisskule og Universitets- og Høgskulesektoren (UH-sektoren) blir stadig trekt fram som sentralt for å oppnå ei god lærarutdanning. Det handlar om at den tradisjonelle akademiske tilnærminga i utdanningsinstitusjonane må møte den praktiske tilnærminga i skulane ( Rambøll 2007, NOKUT 2006a). Dette vil seie at fagtilsette ved utdanningsinstitusjonen må ha ei aktiv rolle i praksisopplæringa. Aktive og **engasjerte basisgrupperettleiarar kan fungere som brubbyggjarar** mellom praksisskulane og fagmiljøa i UH-sektoren. Likeeins kan mangelfull interesse frå basisgrupperettleiarane sende uheldige signal til praksisfeltet, noko som kan forsterke haldninga om at utdanningsinstitusjonen og grunnskulen lever i to ulike "sfærer" (jf. NOKUT 2006a)

## **Øvingslærarane om "den nye" øvingslæraravtalen og praksisskuleavtalen**

Øvingslærarane har mange meiningar om utviklinga som har funne stad dei siste åra når det gjeld praksisopplæringa. Sjølv om HVO, skuleeigar og skuleleiinga er samde om at skuleleiar er meir involvert i praksisopplæringa no enn før, er det ikkje tydeleg for alle øvingslærarane *kvifor* dette er viktig. Ein del av dei veit ikkje **kva funksjon det nye bindeleddet som skuleleiar og skuleeigar utgjer har i praksissamarbeidet**. Nokre er skeptiske til å bruke ressursar på dette. Ein av øvingslærarane seier følgjande:

Det er alltid snakk om ressursbruk, også gir dei ressursar til rektor som skal formidle ting vidare til oss, og då er spørsmålet om dette er ein ressursbruk som har noko for seg.

Somme øvingslærarar opplever at innføring av praksisskuleavtalen har svekka den direkte kontakten dei hadde med HVO gjennom den tidlegare øvingslæraravtalen. Dei same funna har kome fram i NOKUT evalueringa, der det vert påpeika at øvingslærarane opplever at samarbeidet mellom skuleleiarane og HVO har blitt betre, men at samarbeidet mellom øvingslærarane og HVO er blitt svekka (NOKUT 2006b:226).

Generelt meiner øvingslærarane at dei **får mindre igjen for arbeidet i dag enn dei gjorde tidlegare**. Øvingsopplæringa representerer mykje arbeid, og mange opplever at dei ikkje får nok tid til å følgje opp studentane på ein god måte. Der øvingslærarane i den gamle avtalen fekk frikjøpt fire timar i veka, er dette no blitt redusert til to timar i veka. Dette gjer at dei har mindre tid til å snakke med studentane før og etter undervisning. Det er også vanskeleg å få tid til å førebu praksisperiodane på ein slik måte som dei veit at HVO ønskjer dei skal.

Øvingslærarane opplever generelt eit sterkt **arbeidspress**. Skulekvardagen er travel, dei blir pålagde fleire oppgåver frå ulike hald. Øvingsopplæringa kjem i tillegg til alt det andre. Nokre deler øvingslærarstillingane mellom seg ( 50 % og 25 % stillingar) for å gjere arbeidsbyrda på den enkelte mindre. Sjølv om lønn også kan vere ein motivasjonsfaktor for å ta på seg arbeidet, så er det først og fremst meir frikjøp av tid øvingslærarane ønskjer meir av. Ein del av øvingslærarane vurderer å avslutte engasjementa sine som øvingslærarar på grunn av det generelle arbeidspresset dei opplever i skulen i dag:

Eg synest det er eit absolutt minimum det vi får igjen for arbeidet. Dersom det hadde blitt endå meir kutt, då hadde eg ikkje ønskt å fortsette som øvingslærar. Dei balanserer heilt på grensa. Av og til tenkjer eg at eg ikkje orkar meir fordi vi stadig blir pålagt så mykje frå alle hald, ikkje berre frå HVO.

Med utgangspunkt i den sentrale rolla øvingslærarane har i praksisopplæringa, er det **avgjerande å halde motivasjonen blant denne gruppa oppe**. Nokre av skulane opplever at dei dekker behovet for øvingslærarar berre akkurat, og skuleleiarane på desse skulane fortel at dei skulle ønskje at fleire ville vere øvingslærar.

For øvingslærarane er det uklart kva som er HVO sitt ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar i praksisopplæringa. Denne problemstillinga gjeld ikkje alle skulane i same grad. For dei det gjeld, legg øvingslærarane ansvaret for det dei opplever som ein dårlegare avtale på kommunen. Ein av øvingslærarane seier det slik:

”HVO har ikkje noko ansvar for oss etter at kommunen inngjekk avtalen, og kommunen gjer ingenting”

Ein anna øvingslærar gjer seg desse tankane om avtalen mellom HVO og skuleeigar:

” Eg meiner at den nye avtalen er ei pulverisering av ansvar, det blir fleire instansar å forholde seg til som ikkje treng å vere der...pluss at når dette har vorte kommunalt så veit vi at der er det avgrensa med midlar. Dei skjærer ned der dei kan skjere ned, og noko av det første som blir skjert ned er jo denne øvingslærarbiten slik at det blir mindre tid til studentane”

Dette viser at øvingslærarane har behov for at **ansvarsfordelinga mellom HVO og skuleeigar** vert tydelegare. Ansvaret for delar av det generelle arbeidspresset lærarane opplever blir mellom anna adressert til kommunen. At øvingslæraravtalen, som no er kommunal, har blitt dårlegare sett i frå deira ståstad, blir blanda saman med den generelle frustrasjonen kring tids- og arbeidspress. På denne måten skjer det ei samanblanding av kva som er HVO sitt ansvar og kva som er skuleeigar sitt ansvar i øvingsopplæringa.

Generelt har øvingslærarane mange tankar om organiseringa av praksis. Vi har summert opp noko av dette i figuren under:



## Øvingslærarane sine tankar om ulike sider ved praksisopplæringa

- **IKT-utstyr.** Å vere øvingsskule bør innebere at skulen må vere oppdatert på IKT-utstyr, og at lærarane må få etterutdanning slik at dei kan handtere desse arbeidsverktya.
- **Studentane sine yrkesetiske haldningar.** Studentane må prioritere praksisen. Dei må forstå si eiga rolle i skulefellesskapen.
- **Fleksibel praksis eller punktpraksis.** Nokre meiner den fleksible praksisen gjer det mogleg å inkludere studentane i fleire sider av læraryrket gjennom å trekkje inn studentane når spesielle ting føregår på skulen. Andre meiner at kontinuiteten den samanhengande praksisen gir er vel så viktig, både for å bli kjent med elevane og å få erfaring med yrket over tid. I tillegg blir det trekt fram at punktpraksis krev mindre organisering enn den fleksible praksisen.
- **Arbeidsrom.** Når det kjem mange studentar ut i skulane samtidig, kan det vere ei utfordring å gi dei fysiske arbeidsrom / arbeidsplassar.
- **Studentgruppene må ikkje vere for store.** Øvingslærarar som har hatt grupper på 6-7 studentar meiner dette er for mange.

### 4.3 Oppsummerande kommentarar

Skuleeigarar og skuleleiarar er positive til praksissamarbeidet med HVO, og meiner det er verdifullt. Kommunikasjonen med dei praksisansvarlege blir vurdert som god. Leiarforum har ført til at skuleeigarane og skuleleiarane har fått tettare og betre kontakt med HVO.

Praksissamarbeidet er såleis **blitt forankra i partane som er ansvarlege for avtalane.**

Overgangen frå dei individuelle øvingslæraravtalane til praksisskuleavtalar og dei endringane dette medfører blir også vurdert som ei god utvikling av skuleeigarane og skuleleiarane. **Blant øvingslærarane er det meir delte oppfatningar om denne utviklinga.** Dels heng nok dette saman med at dei opplevde den gamle øvingslæraravtalen som betre, dels heng det også saman med at det ikkje har kome tydeleg fram kva funksjon skuleeigar og skuleleiar har i dette arbeidet.

Overgangen frå individuelle øvingslæraravtalar til øvingsskuleavtalar fordra ei endring i korleis skulen som heilskap skal sjå si rolle i øvingsoplæringa. Mellom anna har det kome fram at ein framleis må jobbe med å få heile lærarkollegiet til å oppfatte seg som del av ein øvingsskule. Å få denne delen av praksiskuleavtalen til å fungere heilt etter intensjonen krev ein aktiv skuleleiar, men også haldningsskapande stimulering frå HVO si side.

Skuleovertakinga er eit døme på tiltak der heile skulen får noko igjen for samarbeidet. Å jobbe fram haldningar om at øvingsskulane er viktige aktørar i lærarutdanninga må det arbeidast med kontinuerleg. Spørsmålet er om også skuleeigar kan ta ei rolle her.

Undersøkinga viser forbettringspotensiale på fleire punkt, men dei viktigaste forholda er følgjande:

- Å jobbe for å få **heile skulen til å sjå seg som ein praksisskule.**

- Relasjonen mellom HVO og skuleeigar og skuleleiar er styrka, men nokre av øvingslærarane opplever at deira relasjon til HVO er svekka. Særleg for skuleleiar er det viktig å vise at vedkomande har ein funksjon i praksissamarbeidet. Ei **styrking av skuleleiar som bindeledd** kan også vere klargjerande for øvingslærarane når det gjeld kva som er skuleeigar sitt ansvar og kva som er HVO sitt ansvar i praksisavtalen.
- **Tidspresset som øvingslærarane opplever** når dei skal følgje opp studentane. Ressursar vil alltid vere ein viktig faktor i denne samanhengen. Spørsmålet er om det er mogleg å gjere noko med denne situasjonen innanfor dei eksisterande økonomiske rammene. Det er først og fremst frikjøp av tid øvingslærarane etterlyser, ikkje auka lønn. Spørsmålet blir då om det er mogleg å organisere frikjøp av tid på ein betre måte enn det som er tilfelle i dag.
- Sjølv om HVO har nedfelt i dokument kva som er basisgrupperettleiar sitt ansvar for oppfølging av studentane i praksis, ser ordninga framleis ut til å vere personavhengig ute i praksisskulane. Her er det eit behov for endå klarare **ansvarleggjering av basisgrupperettleiarane**. Motiverte basisgrupperettleiarar gir ein viktig signaleffekt i eit komplekst felt, der god kontakt mellom høgskulen og praksisfeltet blir sett på som ein føresetnad for å oppnå god lærarutdanning.

## 5 Fag og praksis

Å byggje bru mellom den teoretiske opplæringa og praksis i profesjonsfeltet representerer utfordringar for alle profesjonsutdanningar. I NOKUT sin hovudrapport for *Evalueringa av allmennlærerutdanningen i Norge* kjem det fram at studentane ofte gir uttrykk for at **høgskuleundervisninga og praksis er ”to verder”** (NOKUT 2006a:68). Dette spenningsforholdet som pregar læreryrket og lærarutdanninga, handlar om forholdet mellom teori, det vil seie dei akademiske og vitenskaplege krava, og praksisfeltet med dei daglege krava til utøvinga av yrket (NOKUT 2006a). Lærarutdanninga, som andre profesjonsutdanningar, byggjer på eit teoretisk kunnskapsgrunnlag, samtidig som utdanninga er retta mot utøvinga av eit yrke og dermed også har delar av opplæringa i praksis. For at utdanninga ikkje skal stå fram som fragmentert, men reflektere ein profesjonsmessig heilskap, må erfaringar frå yrkesutøvinga vise igjen i undervisninga ved høgskulen. Kva delar av yrkesutøvinga som treng styrkast i undervisninga, og korleis dette skal skje, er det mange meiningar om.

Når lærarstudentane refererer til høgskuleundervisninga og praksis som ”to verder”, så er det eit uttrykk for at dei har problem med å sjå faget i praksis og praksis i faget. Basert på tal frå StudData, har Senter for profesjonsstudier funne at allmennlærarstudentane opplever denne utfordringa i større grad enn førskulelærarstudentane og sjukepleiarstudentane<sup>3</sup>:

### 1. Under praksisopplæringa erfarer eg at teoretisk kunnskap er av stor verdi

	Heilt einig/einig
Allmennlærer	52 %
Førskulelærer	76 % *
Sjukepleiar	87 % *

\* Signifikant forskjellig frå allmennlærarane på 1 % nivå

### 2. Det er vanskeleg å sjå samanhengen mellom faga i studiet og det konkrete arbeidet i praksisperioda

	I svært stor grad/ i stor grad
Allmennlærer	24 %
Førskulelærer	11 % *
Sjukepleiar	12 % *

\* Signifikant forskjellig frå allmennlærarane på 1 % nivå

**Kjelde: StudData**

Tala viser at allmennlærarstudentane har større problem med å relatere den teoretiske kunnskapen til det konkrete arbeidet i praksis.

Samtidig er det slik at lærarkvalifiseringa føregår på fleire arenaer. Den formelle lærarutdanninga skjer i utdanningsinstitusjonen, der erfaringane frå praksisopplæringa også utgjer ein sentral del, men **kvalifiseringa held også fram etter fullført utdanning**. Dette gjer

<sup>3</sup> Tala er henta frå presentasjon lagt fram av Professor Lars Inge Terum på Erfaringsdelingsseminar for samarbeidsprosjektet arrangert av Utdanningsdirektoratet, Oslo Kongressenter 30. januar 2008.

at erfaringane frå yrket som ferdig utdanna lærar også utgjer ein form for læringsarena: ”*Aldri har noen vært ”ferdig lærer” når han stod med sitt vitnemål i hånden, og aldri vil det bli slik heller. Lærerskolen kan gi en innføring og et grunnlag å bygge videre på*”. (Dahl, H. 1959)

Det handlar altså om å finne ein balanse. Utdanninga skal kvalifisere studentane til læraryrket, samtidig som det vil skje ei kontinuerleg vidareutvikling av lærarkompetansen for den enkelte i sjølve utføringa av yrket. Ein av informantane stiller også spørsmål ved kor langt ein skal gå for å tydeleggjere samanhengen mellom teori og praksis:

Eg tenkjer at er ikkje dette ein naturleg del av utdanninga, det at du skal arbeide med stoffet og sjå samanhengen? Kvar skal læringa ligge viss samanhengen er så tydeleg at den er opp i dagen, kvar vil refleksjonen ligge då? Kvar skal spenninga ligge slik at du kan stille spørsmål og bearbeide det til ditt eige?

Spørsmålet som blir stilt er om ikkje dette dilemmaet til ein viss grad må ligge i utdanninga for å få studentane til å gå gjennom refleksjonsprosessar og gjennomarbeide stoffet på ein kritisk måte. Utdanninga må krevje refleksjon og kritisk tenking av studentane.

### **5.1 Problemstillinga sett frå praksisfeltet sin ståstad**

Skuleeigarane og skuleleiarane på den eine sida og øvingslærarane på den andre vektlegg ulike ting når dei blir bedne om å reflektere rundt samanhengen mellom fag og praksis i lærarutdanninga. Førstnemnde gruppe har eit overordna perspektiv på problemstillinga, medan sistnemnde gruppe ser meir konkret på korleis dilemmaet kjem til uttrykk i studentane sin praksis. Felles for alle er at dei vurderer **god kontakt mellom praksisfeltet og høgskulen som avgjerande for å oppnå gode samanhengar mellom teori og praksis** i lærarutdanninga. Sett frå praksisfeltet sin ståstad er det særleg dei fagtilsette ved høgskulen sine interesser for skulane som blir etterlyst. Ein del av kritikken er at det blant fagpersonalet er for liten kjennskap til det som skjer ute i skulane. Studentane si skildring av undervisninga ved høgskulen og praksis som ”to verder” gjeld også for nokre av øvingslærarane i grunnskulen:

Det virkar så enkelt å snakke om alt vi bør gjere, men ute i skulen så rekk vi ikkje alt. Eg trur at folka på høgskulen hadde hatt godt av å jobbe litt i grunnskulen også. Då fekk dei føle meir på kroppen kva vi held på med. I praksis så ser vi korleis ungane treng struktur for eksempel, dette er heilt ukjent for HVO. Hadde dei vore meir ute i grunnskulen, så hadde undervisninga blitt betre, trur eg.

Andre døme på korleis manglande kjennskap kan gi seg utslag finn vi i den vidaregåande skulen. Her blir det trekt fram at studentane ikkje er førebudde på dei utfordringane som Kunnskapsløftet har gitt dei vidaregåande skulane. Nokre meiner at HVO burde ha eit sterkare fokus på dette i undervisninga, slik at studentane kan vere betre rusta til dei kjem ut i praksis. Å forstå utfordringar som gjeld denne delen av skuleverket er viktig for å praktisere læraryrket på ein god måte.

Fleire meiner at å gi faglærarane betre kjennskap til skulen, til dømes gjennom **hospitering**, kunne vere ein måte å rette på dette forholdet. Som omtala i kapittel 4, set nokre av informantane dette i samanheng med basisgrupperettleiaren sin funksjon. Dersom basisgrupperettleiaren var meir ute i skulen ville vedkomande få betre kjennskap til korleis skulen fungerer. Det som praksisfeltet opplever som manglande interesse frå faglærarane, blir tolka som at undervisning og praksisretta forskning har låg status innanfor academia. Dei

meiner at meir kontakt mellom høgskulen og praksisfeltet ville gjere lærarutdanninga sterkare ettersom ein då ville kople teori og praksis til kvarandre på ein tydelegare måte enn det som er tilfelle i dag. HVO arbeider aktivt med dette. Etter at det vart meir fokus på korleis faget skal brukast i skulen, har undervisningsmåtane ved HVO endra seg. Mellom anna er det blitt formulert arbeidskrav til dei faga som er knytte til praksis, noko som har ført til at samanhengen mellom fag og praksis i større grad enn tidlegare kjem fram i undervisninga ved HVO. Dei som representerer praksisfeltet meiner det er positivt at lærarar frå grunnskulen blir brukt til å undervise i didaktikk ved høgskulen.

Skuleeigarane og nokre av skuleleiarane er opptekne av at det trengst sterkare koordinering og sameining av utdanninga frå fagleg side i lærarutdanningsinstitusjonane. Her er det særleg to forhold som blir nemnt; **pedagogikkfaget sin posisjon** i utdanninga og **profesjonskunnskap**. Pedagogikkfaget blir tradisjonelt vurdert som å ha ein samordnande og koordinerande funksjon i lærarutdanninga. Denne funksjonen har blitt svekka ettersom faget har vore lagt utelukkande til første studieår. Dette blir vurdert som uheldig fordi nettopp pedagogikkfaget kunne vere med å bygge bru mellom teori og praksis og fungere som limet i heile utdanninga. På bakgrunn av dette har det blitt ytra ønske om at praksisfeltet vart involvert når studieplanane ved HVO blir laga, til dømes gjennom drøfting i Leiarforum. Nokre av øvingslærarane har elles nemnt at det fungerer godt når basisgrupperettleiaren kjem frå pedagogikkfaget. Dette fordi dei har ein samlande funksjon i utdanninga for studentar med ulike fag. Vidare blir det også trekt fram at det manglar tydeleg profesjonskunnskap i utdanninga. Dersom studentane fekk lære meir om sjølve profesjonen, om skulen som organisasjon, så kunne dette gjere det lettare for studentane å forstå si eiga rolle i skulen. Det kunne skape heilskap og samheng mellom fag og praksis.

Øvingslærarane står meir direkte i situasjonar der teorien skal takast i bruk i praksis. **Når øvingslærarane i dei vidaregåande skulane** blir bedne om å reflektere over integreringa av fag og praksis, ser vi klare skilnader mellom yrkesfag og allmennfag i korleis denne problemstillinga blir opplevd. I yrkesfaga er det viktig at studentane får prøve å sy saman undervisningsopplegg på høgskulen slik at dei får førebudd seg skikkeleg før dei kjem ut i praksis. Andre trekkjer fram at studentane må førebuast på korleis dei skal handtere klasseromssituasjonar og klare å vere ein tydeleg leiar overfor elevane. For dei allmennfaglege øvingslærarane er fagleg tyngde det aller viktigaste. Dei meiner at dersom studenten er fagleg sterk, vil ho eller han handtere undervisningssituasjonen godt. Somme er skeptiske til at det i undervisninga ved HVO er mykje fokus på korleis studentane skal variere undervisninga. Nokre av øvingslærarane meiner at studentane har for mykje fokus på korleis dei skal få til variasjon i undervisninga, og meiner dette går ut over kvaliteten på undervisninga, mellom anna fordi dette i mange tilfelle ikkje skaper ro i læringssituasjonen til elevane.

**I grunnskulen** er det også mange ulike aspekt ved problemstillinga som kjem fram, og kva som blir vektlagt varierer gjerne mellom dei ulike skuletrinna. Særleg på småskule – og mellomtrinnet vektlegg øvingslærarane at didaktikk er viktig i undervisninga. Nokre meiner også at studentane burde få førebu seg betre på det dei skal møte i skulen, mellom anna ved å få prøve ut undervisningsopplegg før dei kjem ut i praksis. Ein av øvingslærarane seier følgjande:

Eg synest det burde vere meir metodikk i undervisninga. Når studentane kjem hit så er dei utsvoltne på metodiske opplegg, dei spør etter kopiar på alt eg har. Eg lurar på kvifor dei ikkje kan få lære litt om dette på HVO, eg føler at faglærarane ikkje hjelper dei med å lage opplegg til undervisning.

Der somme meiner dei burde øve meir på å lage undervisningsopplegg på HVO før dei kjem ut i praksis, meiner andre at dette er noko ein berre lærer i praksis og trur at meir praksis i utdanninga er vegen å gå. Meir klasseleiing i undervisninga er også noko øvingslærarane trur at studentane hadde hatt god nytte av for å utøve yrket på ein betre måte. Andre forhold som blir nemnde er studentane si forståing av lærarrolla. Dette handlar både om å skulle vere eit førebilete for elevane, men også å vere kollega på ein arbeidsplass.

Utveksling av kvarandre sine undervisningsplanar er døme på eit tiltak som kan gjere studentane betre førebudde på praksis. Dette vart gjort i norsk eitt år, noko som øvingslærarane synest var svært positivt. HVO tok kontakt med skulen for å få skulen sin undervisningsplan, og la opp delar av undervisninga si slik at studentane var best mogleg førebudde til dei kom ut i praksis.

## **5.2 Oppsummerande kommentarar**

God forståing for samspelet mellom teori og praksis er noko av det mest sentrale i lærarutdanninga. Det er dette forholdet som er med på å konstituere komande lærarar sine profesjonelle evne (NOKUT 2006a). For å oppnå gode koplingar mellom teori og praksis, må praksisfeltet vise igjen i undervisninga ved høgskulen. I dette kapitlet har vi sett at god kontakt mellom dei fagtilsette ved høgskulen og praksisfeltet blir vurdert som viktig for å få dette til. I prosjektet har det kome fram at praksisfeltet synes dei fagtilsette si interesse for det som skjer ute i skulane er for dårleg. Det blir hevda at denne manglande interessa er ei av årsakene til at samanhengen mellom fag og praksis står fram som svak i utdanninga. Praksisfeltet ønskjer difor **ei sterkare deltaking av dei fagtilsette i skulane, gjerne gjennom hospitering.**

Dei fagtilsette er ei gruppe som ikkje har vore med i dette prosjektet. Nokre refleksjonar om deira situasjon kan likevel vere verdt å ta med. I artikkelen *Profesjonsutdannerer mellom krav og realitet* diskuterer Synnøve Hove (2007) dei mange forventningane lærarutdannarar møter. At lærarutdannarane skal ha fag/forskingskompetanse, pedagogisk kompetanse og profesjonskompetanse kallar ho for krav om "trippelkvalifisering". Krava skapar utfordringar både for fagpersonane og leiinga ved utdanningsinstitusjonane. Hove stiller spørsmål ved om det er nødvendig og realistisk at alle tilsette skal vere "trippelkvalifiserte". At fagmiljøa samla sett må ha alle dei tre kvalifikasjonane er ho derimot ikkje i tvil om. Debatten om dei fagtilsette sin profesjonskjennskap blir ein del av fleire interne forhold ved utdanningsinstitusjonen. Informantane i dette prosjektet er likevel eintydige på at faglærarane si interesse for det som skjer i skulane er viktig.

Ved HVO er det etablert forum for å skape tettare band mellom høgskulen og praksisfeltet. Leiarforum ved AU (jf. kap. 2 og 4) er eit døme på det, eit anna er den nyetablerte ordninga med praksiskoordinatorar ved dei vidaregåande skulane som det er meint å etablerast årlege møte for (jf. kap. 2 og 3). Slik sett ligg forholda til rette for ein diskusjon om samspelet mellom teori og praksis. I Leiarforum møter både skuleeigarar og skuleleiarar frå praksisfeltet studieadministrasjonen ved HVO. På bakgrunn av diskusjonen over bør ein vurdere å inkludere ei gruppe fagtilsette i dette forumet.

Skuleeigarar og skuleleiarar etterlyser fokus på **pedagogikkfaget sin posisjon og auka profesjonskunnskap for å oppnå betre koordinering og sameining av utdanninga.** Utfordringane knytte til manglande heilskap og samheng i utdanninga har også NOKUT

peika på. Eit av problema som blir trekt fram er at utdanninga står fram som splitta i rammeplanen, fordi faga blir skildra uavhengig av kvarandre, og at teori og praksis skjer i ulike arenar med lite samarbeid: ”*Det faktum at det finnes elementer som kan virke splittende eller konfliktfylte i en så mangfoldig utdanning, gjør at kommunikasjonen mellom aktørene må vere god* (NOKUT 2006a:74).” Å oppnå god lærarutdanning fordrar at praksisfeltet og høgskulen har eit samarbeid som går ut over sjølve praksisperiodane. **Integrering av fag og praksis må jobbast med på det jamne.**





## 6 Kompetanseutvikling

Som skuleeigarar har kommunar og fylkeskommunar fått ei meir sentral rolle i utvikling av kompetansehevingstiltak for skulane enn det dei tidlegare har hatt. Som vi såg i kapittel 2 har denne nye rolla som har blitt lagt til skuleeigar og som også påverkar UH-sektoren som tilbydar av kompetansehevingstiltak, gitt begge partar nye utfordringar.

I dette nye landskapet blir **skuleeigarane og HVO samarbeidspartnarar på ein annan måte enn det som var tilfelle før**. HVO skal no fange opp signala og tilby kurs etter skuleeigar sitt behov. Men skuleeigarane er ulike, også med tanke på kva som skal vektleggast når kompetanseutviklingsbehova blir definert. Det er også skilnader mellom behova i grunnskulen og i dei vidaregåande skulane.

Dei fire kompetanseregionane, som kommunane i fylket har organisert seg i (jf. 2.2), blir sentrale aktørar i denne samanhengen. Kommunane i kompetanseregionane søker samarbeid med HVO både som samla eining og som einskildkommunar. HVO stiller på møte i kompetanseregionane etter innkalling ved spesielle saker. I tillegg møter HVO representantar frå kompetanseregionane i Rådet for kompetanseutvikling i Møre og Romsdal som er satt i verk av fylket. Det er skilnader mellom kompetanseregionane når det gjeld korleis dei jobbar og i kva grad dei står fram med ei røyst. Nokre kan vere svært samstemte og velorganiserte, medan andre er meir lausleg organiserte. Dette medfører at HVO må arbeide på nye måtar. Der dei tidlegare hadde kontakt med sentrale utdanningsaktørar, skal dei no rette seg mot kommunale og fylkeskommunale **skuleeigarar med ulike behov og ulik organisering**.

Feltet representerer utfordringar, men også mange **moglegheiter for begge partar**. Ønske om å ha ein sterk høgskule med ei god lærarutdanning i fylket motiverer skuleeigarane til å samarbeide med HVO. Som ein av skuleeigarane seier: ”*Dersom tilboda er på same vilkår, då vel vi HVO.*” Eit velfungerande samarbeid om kompetanseutvikling kan gi høgskulen nødvendige inntekter, samtidig som eksternt verksemd også fører ny kunnskap tilbake til dei fagtilsette ved høgskulen. Dei fagmiljøa som har jobba med kompetanseutvikling eksternt, i tett samarbeid med skuleeigar, gir uttrykk for at dette har gjort undervisninga ved HVO endå meir relevant for praksisfeltet. Dette vil også skuleeigar tene på, fordi mange kommunar rekrutterer nye lærarar med utdanning frå HVO.

### 6.1 Korleis føregår samarbeidet

HVO har organisert arbeidet med etter- og vidareutdanning og kompetanseutvikling i Kontor for etter – og vidareutdanning (KEV). **KEV** jobbar overfor kommunane og fylket for å møte behova desse har for tiltak innan feltet. Dette gjeld både tiltak retta mot den einskilde, slik som tradisjonelle vidareutdanningar i fag, og meir kollektive tilbod retta mot skuleeigar eller skular slik som til dømes skuleutviklingsprosessar.

Sentrale føringar for satsingsområde blir drøfta med prodekan og studieleiar. Deretter blir desse teke opp med skuleeigar/kompetanseregionane og utdanningskontor. Vidare blir tiltaka forankra internt i seksjonane og fagmiljøa. For HVO er det viktig med god forankring i fagmiljøet fordi det til sjuande og sist er dei fagtilsette som skal gjere jobben. Her ligg det nokre utfordringar ettersom motivasjonen for å jobbe eksternt varierer mellom dei ulike fagmiljøa. For HVO er det også viktig at skuleeigarane sender tydelege signal om behova. Etter- og vidareutdanningssektoren er meir prega av marknadstenking i dag samanlikna med

det som var tilfelle tidlegare. I ein marknad er det behova til kjøparen som er førande. Måten skuleeigarane definerer behova på og formidlar desse vidare til HVO, blir difor viktig for korleis HVO legg opp arbeidet.

## Kartlegging av kompetansehevingsbehov

Når skuleeigar har fått større ansvar på dette feltet, blir det viktig at midlane blir brukte på tiltak som skulane opplever er relevante. Måten utarbeidinga av kompetansehevingsplanar skjer på er difor sentral i denne samanhengen. Kommunane som skuleeigar har egne **kompetanseutviklingsplanar**, som blir vidareformidla til utdanningsdirektøren.

Skuleleiarane rapporterer årleg sine behov inn til skuleeigar. På bakgrunn av sentrale føringar og lokale behov, lagar skuleeigar kompetanseutviklingsplanar. Som oftast opplever skuleeigar at det er samsvar mellom sentrale føringar og kommunane sine behov. For nokre kommunar er også prioriteringane som blir gjort i kompetanseregionane førande for kva område som blir prioritert.

Fylket som skuleeigar jobbar også med kartelegging av kompetanseutviklingsbehova. Dei vidaregåande skulane er mangfaldige og har ulike kompetanseutviklingsbehov, dette gjer fylket sitt arbeid med å få oversikt over behova komplisert. Fylket har likevel ein mål- og tiltaksplan som rullerer årleg og involverer skulane. Fylket prøver også å legge til rette for at elevane skal bli involvert i dette planarbeidet.

Skuleeigar har også ansvar for **fagnettverka** som er ein sentral del av fylket sitt kompetanseutviklingsarbeid. Desse fungerer slik at ein person frå kvart fagmiljø møter frå kvar skule, samt ein representant for utdanningsavdelinga. Fagnettverka møtest tre gonger i året og fungerer som kompetanseutviklande for dei ulike fagmiljøa.

Dei fleste skulane har ei eller anna form for kompetansehevingsplan, verksemdsplan og/eller mål – og tiltaksplan. Skulane har god oversikt over sin formelle kompetanse, men den uformelle kompetansen er ikkje like godt kartlagt. Fleire av skulane jobbar likevel med å også få oversikt over den uformelle kompetansen, dette skjer til dømes gjennom medarbeidarsamtalar.

Som vist i kapittel 1, varierer det i kva grad det skjer prosessar ved skulane når kompetansebehova blir kartlagt (Hagen, Nyen og Hertzberg 2007). Skuleeigarane som har delteke i dette prosjektet har gjort greie for korleis dei jobbar med kartlegging av kompetanseutviklingsbehov. Skuleleiarane, på bakgrunn av sine interne kartleggingar, blir bedne om å rapportere til skuleeigar behova ved den enkelte skule. Dette prosjektet har ikkje studert kvar enkelt lærar si deltaking i desse prosessane, men skuleeigarane og skuleleiarane gir uttrykk for at dei fleste tilsette ved skulane er med når kompetanseutviklingsbehova blir kartlagt.

## Utvikling av kompetansehevingstiltak

Dei overordna og langsiktige avtalane blir inngått mellom HVO og skuleeigar. Skuleleiarane må i hovudsak gå til sin skuleeigar dersom dei ønskjer eit kompetanseutviklingstiltak, ettersom dei ikkje har økonomisk handlerom til å inngå store avtalar på eiga hand. Skulane har likevel kompetanseutviklingsmidlar som dei sjølve disponerer. Dersom det gjeld mindre avtalar, som til dømes eit dagsseminar, kan skulane sjølve ta kontakt med HVO og gjere slike avtalar. Dialogen om større avtalar føregår i hovudsak mellom skuleeigar og HVO, anten

mellom HVO og kompetanseregionen, eller HVO og enkeltkommunar eller fylket. På skuleeigarnivå er det dei skulefagleg ansvarlege (skulesjef) og pedagogiske konsulentar kontakten føregår med. Ved HVO vert det lagt vekt på at **skuleeigar må involverast på eit tidleg tidspunkt i prosessen og ha innverknad på innhald, organisering og progresjon** av tiltaket. Desse aspekta blir også trekte fram av skuleeigarane som spesielt viktige kriterium for godt samarbeid.

Når initiativet til kontakt kjem frå skuleeigar, er det fleire måtar kontakten mellom skuleeigar og HVO blir oppretta på. Skuleeigarane tek anten direkte kontakt med prodekan eller med KEV. Det er heller ikkje uvanleg at dei tek direkte kontakt med fagtilsette som dei kjenner til og som dei veit har den kompetansen dei etterspør. For skuleeigarane er det viktig å kjenne seg trygge på at dei får akkurat det innhaldet på tiltaket som dei har behov for.

**Enkeltpersonar sin kompetanse og omdøme** kan difor spele ei rolle når det vert gjort avtalar. Det er også andre grunnar til at skuleeigarane ønskjer kontakt direkte med fagpersonalet. Til dømes dersom det oppstår behov for justeringar undervegs i eit kursopplegg, kan det vere gunstig for skuleeigar å kommunisere direkte med fagpersonen.

Ved utarbeiding av tilbod har partane drøftingsmøte. HVO skisserer eit opplegg og får tilbakemelding på eventuelle justeringar frå skuleeigar. HVO og skuleeigarane er begge einige om at det er viktig med tett dialog gjennom heile utviklingsprosessen.

## Rolleforventningar

Sjølv om partane gjerne vil ha tett dialog i utviklingsfasen av kompetansehevingstiltak, har det også vist seg at partane har rolleforventningar til kvarandre om korleis dei meir generelt skal jobbe med kompetanseutvikling. Ei avklaring om kva partane forventar av kvarandre er viktig innsikt å ta med vidare i samarbeidet.

For skuleeigar er det viktig at **HVO marknadsfører seg** og viser kva kompetanse dei har som kan vere nyttig for skuleeigar. Skuleeigar har forventningar om at HVO går i dialog med dei slik at tiltaka som blir utvikla samsvarer med skuleeigarane sine behov. Når ein skuleeigar skal bruke pengar på tiltak, er det avgjerande at HVO overbeviser vedkomande om at deira tilbod er det beste på pris og kvalitet. Nokre av informantane meiner at dersom HVO retta FoU-ressursane inn mot etter – og vidareutdanningsfeltet, så ville det vere enklare for dei å fylle rolla som kurstilbydar, mellom anna fordi dette ville gjere kostnadene på kursa lågare. Det blir også trekt fram at dersom **forskinga ved HVO vert knytt nærare til skulane sine erfaringsområde**, vil dette gi HVO kjennskap til skulane som kan medverke til meir relevante kurs. Skuleeigar har også forventningar om at **HVO er oppdaterte og ligg i forkant av nye reformer**, slik som Kunnskapsløftet. For den enkelte skule er det viktig at HVO også tilbyr korte kurs, ettersom det er dette skulane sjølve har råd til å kjøpe.

For fylket og dei vidaregåande skulane er det viktig at HVO kjenner til dei utfordringane vidaregåande opplæring står overfor. Både skuleeigar og skulane opplever at HVO har markert seg svakare inn mot vidaregåande utdanning enn mot grunnskulen, såleis er dette ei utfordring for HVO. For dei yrkesfaglege retningane i den vidaregåande skulen er det viktig at eventuelle kompetansehevingstiltak er tilpassa ein yrkesfagleg undervisningssituasjon. Sjølv om yrkesfagleg vidaregåande har fellesfag slik som norsk og engelsk, så må faga **tilpassast ein yrkesfagleg kontekst** og ha ei terminologi som samsvarer med denne. Skulane opplever at HVO har sin kompetanse i all hovudsak retta mot allmennlærarar. For at HVO skal vere interessante kurstilbydarar for yrkesfagleg retning, må skulane kjenne seg trygge på at

innhaldet i kursa er tilpassa ein yrkesretta undervisningssituasjon. Det blir trekt fram at det ikkje berre er HVO som manglar ein yrkesfagleg tilpassing, men heile det pedagogiske forskingsmiljøet.

Også for dei allmennfaglege retningane i den vidaregåande skulen er det viktig at tilboda til HVO er spissa mot deira behov. Desse skulane har mange universitetsutdanna lærarar med høg kompetanse. HVO må kunne tilby fagkunnskap som er på eit høgare fagleg nivå enn det ein finn hos lærarane i dei vidaregåande skulane. **Pedagogikk og spesialpedagogikk** er fag som allmenfagleg vidaregåande kan ha behov for kompetanseheving på, her er det ønskjeleg at HVO i større grad marknadsfører seg for den vidaregåande skulen.

For HVO er det viktig at **skuleeigarane jobbar med å definere sine behov**, vite kva dei ønskjer å inngå avtalar på, og formidle dette tydeleg til HVO. Skuleeigarane må prøve å tenke **kompetanseutvikling i eit langsiktig perspektiv**. Dersom HVO får signal frå skuleeigar om relativt langsiktige kompetansehevingsbehov (eit par år framover), vil HVO ha meir rom for tilpassing til desse behova.

## Suksessfaktorar

Dersom vi ser på felt der samarbeidet mellom HVO og skuleeigar har fungert godt, er det mogleg å identifisere nokre suksessfaktorar som går igjen. **Drøftingsmøte og god kommunikasjon** i utviklingsfasen av kursa blir framheva som ein sentral faktor. Skuleeigarane har opplevd at HVO har skreddarsydd kursa etter behova:

”For oss var det eit kvantesprang når HVO gjekk frå faste opplegg til meir skreddarsydde opplegg. Kanskje inneber dette stressfaktorar for HVO, vi er til dømes veldig konkrete på kven vi ønskjer som førelesarar, men vi betalar jo for dette. Kanskje er det krevjande for HVO med omsyn til tid og ressursar, men for oss er dette veldig positivt”

Å justere kursa undervegs og tilpasse dei til behov etter kvart som desse endrar seg, er ein stor fordel for skuleeigar.

**Kjennskap og tillit over tid** spelar også ei rolle. Når skuleeigarane har kjent til HVO sine tilbod over lengre tid blir det bygt opp tillit og kommunikasjonslinjer som legg til rette for gode samarbeid. Slik blir det skapt ein positiv spiral. Som ein av skuleeigarane seier: *”Avtalane blir til fordi vi over tid har hørt om kva HVO kan tilby, vi har erfaring over tid”*. Slik blir det skapt eit godt klima for vidare samarbeid. Ei anna illustrerande utsegn: *”Når vi ser at vi har eit behov, så orienterer vi oss regionalt og aller helst mot Volda.”* Skuleeigarane, som har hatt gode erfaringar med denne type samarbeid, synest at HVO har vore aktive og synleggjort kompetansen sin på ein god måte.

**Kjennskap til kursopplegget** er også eit stikkord i denne samanhengen. Til dømes var satsingane innan realfag bygd etter modell frå Høgskulen i Sogn og Fjordane som skuleeigarane kjende til og visste at fungerte. Når skuleeigarane kjenner til eit opplegg og trur at dette vil dekke behovet dei har, er det større sjanse for at skuleeigar opplever samarbeidet som vellukka.

## 6.2 Oppsummerande kommentarar

Forventningane til korleis HVO skal fylle rolla som kurstilbydar er mange. I dag skjer arbeidet med kompetanseutvikling i ein kontekst prega av **marknadsdynamikkar** med kjøp og sal av tenester. Denne situasjonen er ny både for HVO og skuleeigarane, og har nødvendigvis innverknad på korleis samhandlinga mellom desse føregår. utfordringane for HVO er å dekke skuleeigar sine behov samtidig som pålagde interne aktivitetar som undervisning og forskning også må ivaretakast. utfordringane for skuleeigar er å kartlegge behov og formidle tydeleg til HVO kva tiltak dei ønskjer. Den nye situasjonen **krev omstillingsevne for begge partar**. Omstillingsprosessar blir sjeldan opplevd som plankekøyring for dei som er involverte. Det er kanskje ikkje tilfeldig at fleire av informantane saknar fylket i dette arbeidet. Dei som tek opp dette meiner det hadde vore ein fordel om fylket hadde ei overordna og koordinerande rolle i dette arbeidet.<sup>4</sup> Med ein aktiv og koordinerande part kunne ein få til meir langsiktige og samlande tiltak.

Samtidig er det viktig å sjå potensialet i samarbeidet mellom HVO og skuleeigar på dette området. Både HVO og skuleeigarane er opptekne av regional utvikling og ønskjer samarbeid. Faglærarane sin kjennskap til skulekvardagen er eit tema som stadig går igjen når samarbeid mellom HVO og praksisfeltet blir diskutert. Dette gjeld både praksissamarbeidet og samarbeidet om kompetanseutvikling. Samarbeid om kompetanseutviklingstiltak har, for faglærarane som er involvert, vist seg nettopp å vere ein måte å oppnå betre kjennskap til skulane på. Realfaga blir gjerne framheva som døme på dette. Desse opplever at dei får mykje igjen for arbeidet både i form av ressursar og at arbeidet blir opplevd som fagleg utviklande. Desse fagmiljøa meiner at deira eiga undervisning på høgskulen har blitt endra til det positive etter erfaringane fagpersonellet har gjort seg gjennom å arbeide eksternt. **Dersom HVO klarer å tilby kurs som skuleeigar finn relevante og gode, så kan det i eit langsiktig perspektiv vere med å skape tettare band mellom faglærarane og skulane.** Basert på datainnsamlinga kan vi summere opp dei viktigaste momenta, som informantane trekkjer fram for å få til gode samarbeid, slik:

- Opprette rutinar for at skuleeigarane sine **kompetansehevingsplanar** blir sendt til HVO kvart år.
- **Kontakt mellom HVO og skulane.** Det blir poengtert at dersom fagtilsette ved HVO i endå større grad hadde kontakt med skulane, ville dei kjenne betre til skulane sine behov. Det blir også framheva at det hadde vore ønskjeleg om FoU-verksemnda ved HVO i større grad vart retta mot praksisfeltet. Dette kunne bidra til at HVO kunne tilby meir relevante og rimelegare tiltak.
- Dersom HVO ønskjer samarbeid med dei vidaregåande skulane, må HVO synleggjere at høgskulen har kompetanse og kunnskap som er **relevant for vidaregåande opplæring**.

---

<sup>4</sup> Som vist i 2.2 har Rådet for kompetanseutvikling i Møre og Romsdal endra rolla si dei siste åra.



## 7. Oppsummering

Vi har gått gjennom fleire av samarbeidsformene som HVO har med skule- og barnehageeigarar. I kartlegginga såg vi mangfaldet i HVO sine samarbeidsaktivitetar. I djupneundersøkinga konsentrerte vi oss om praksissamarbeidet og samarbeidet om kompetanseutvikling. Vi har sett at alle **partane ønskjer tett og velfungerande samarbeid mellom HVO og skule- og barnehageeigarane**. Partane har mykje å tene på det. For HVO sin del er det avgjerande å vere nær praksisfeltet. Dette gjeld både i praksisopplæringa i skulane og barnehagane, men også på den måten at praksisfeltet skal vise att i undervisninga ved høgskulen. Dette er viktig for at utdanninga så godt som råd skal kvalifiserer studentane til dei yrkesmessige krava dei vil møte som lærarar i skulen. Gode kommunikasjonslinjer med skuleeigar er også nødvendig for at etter – og vidareutdanningssektoren skal få signal om kva som er relevante tiltak for skuleeigar. Gode samarbeidsformer mellom utdanningsinstitusjonen og praksisfeltet blir eit viktig kriterium både for å skape gode lærarutdanningar og å utvikle kompetansehevingstiltak som reflekterer skulane sine behov. Skule – og barnehageeigar har også nytte av samarbeidet. Den direkte nytten er fagleg og pedagogisk oppdatering og inspirasjon. Den indirekte gevinsten er at det medverkar til å auke kvaliteten på utdanninga, noko som igjen gir sterkare kandidatar til framtidige stillingar i skulane og barnehagane. Utdanningsinstitusjonen og praksisfeltet står på mange måtar i eit **gjensidig nytteforhold**.

Praksissamarbeidet ved AU og PPU har blitt nøye drøfta i denne rapporten. Det er fleire forhold ved måten praksiskontora ved PPU og AU har organisert praksissamarbeidet på som fungerer godt. Kommunikasjonen med praksisadministrasjonen blir opplevd som uproblematisk og god av alle partar. **Både ved PPU og AU er det etablert samarbeidsforum som legg til rette for tette band mellom høgskulen og praksisfeltet**. Leiarforum ved AU og den nyetablerte ordninga med praksiskoordinatorar ved dei vidaregåande skulane som det er meint å etablerast årlege møte for, er døme på det.

Sjølv om store delar av praksissamarbeidet går på skinner, kan vi likevel identifisere nokre forbetringspotensial. **Når det gjeld PPU sitt samarbeid** med dei vidaregåande skulane, er det frå skulane si side ønskjeleg med forankring av samarbeidet i eigen organisasjon. Spørsmålet er om PPU kan gjere grep som er med på å legge til rette for slik forankring internt på skulane. Det har også kome fram at det i nokre tilfelle er uavklart korleis avlønninga bør organiserast. Det vert etterlyst ein tydelegare modell for avlønning, noko som også kan sjåast som eit ledd i å skape gode rutinar og ei sterkare forankring internt i skulane.

Eit anna punkt som kan ha forbetringspotensiale, er faglærarane si involvering i studentane sin praksis. Somme informantar opplever at det manglar system for planlegging og gjennomføring av rettleiaren sitt besøk ved skulane. Elles er det fleire som meiner det er viktig med fast kontakt mellom HVO og skuleeigar. PPU bør difor vurdere om skuleeigar skal kallast inn til dei årlege møta HVO vil ha med praksiskoordinatorane.

**Når det gjeld AU sitt samarbeid** med grunnskulen, viser erfaringane med Leiarforum at praksissamarbeidet er godt forankra hos partane som er ansvarlege for avtalane. Overgangen frå dei individuelle øvingslæraravtalane til praksisskuleavtalar ser ut til å ha styrka relasjonen mellom HVO og skuleeigar og skuleleiar. Relasjonen mellom HVO og øvingslærarane er i nokre tilfelle blitt svekka. Styrking og **synleggjering av skuleeigar og skuleleiar sin funksjon** i praksissamarbeidet kan vere med å rette på dette. Det er også ei utfordring å få heile skulen til oppfatte seg som del av ein øvingssskule og som medansvarlege for praksisopplæringa og dermed for lærarutdanning. Å få denne delen av praksiskuleavtalen til å

fungere etter intensjonen krev ein aktiv skuleleiar, men også haldningsskapande stimulering frå HVO og skuleeigar si side.

**Øvingslærarane har ei nøkkelrolle i praksisopplæringa.** Deira frustrasjonar over manglande tid til å følgje opp studentane på ei tilfredsstillande måte, er signal som bør leggest merke til. Øvingslærarane sine arbeidsvilkår må sjåast i samanheng med den totale arbeidssituasjonen lærarane står i. Primæroppgåva til lærarane er å gi god undervisning til elevane sine. Oppgåver som går ut over dette, slik som øvingsopplæringa, kan bli nedprioritert i ein travel skulekvardag. Ressursar vil alltid vere ein avgrensande faktor i denne samanhengen. Spørsmålet er om det er mogleg å gjere noko med denne situasjonen innan dei eksisterande økonomiske rammene. Det er først og fremst frikjøpt tid øvingslærarane etterlyser, ikkje auka lønn. Øvingslærarane og skuleleiarane etterlyser også ei sterkare **ansvarleggjering av basisgrupperettleiarane.** Dette er også eit punkt som bør leggest merke til ettersom motiverte basisgrupperettleiarar i seg sjølv har ein viktig signaleffekt i eit komplekst felt, der god kontakt mellom UH-sektoren og praksisfeltet blir sett på som ein føresetnad for å oppnå ei god lærarutdanning.

**At den vitenskaplege staben ved lærarutdanningane og praksisfeltet får betre kjennskap til kvarandre** blir vurdert som avgjerande for å klare å få til eit godt samspel mellom teori og praksis. I dette prosjektet har det kome fram at praksisfeltet synes dei fagtilsette si interesse for det som skjer ute i skulane er for dårleg. Praksisfeltet ønskjer difor ei sterkare deltaking av dei fagtilsette i skulane, gjerne gjennom hospitering. Som vi har vore innom tidlegare, eksisterer det møtefora der kontakten mellom HVO og praksisfeltet blir ivaretatt. På bakgrunn av debatten om ei sterkare involvering av fagtilsette i praksis, kan det stillast spørsmål ved om representantar frå dei fagtilsette bør inkluderast i desse foruma. Debatten om korleis ein kan oppnå betre koordinering og sameining av utdanninga, til dømes ved å sjå på pedagogikkfaget sin posisjon slik skuleleiarane og skuleeigarane etterlyser, er forhold som ikkje berre studieleiar og praksisadministrasjonen, men også fagtilsette kan ha dialog med praksisfeltet om.

Forventningane til korleis HVO skal jobbe med **kompetanseutviklingstiltak** og korleis dei skal fyller rolla som kurstilbydar, er mange. Den nye situasjonen der marknadsdynamikkar legg føringar på etter – og vidareutdanningsarbeidet ved HVO har nødvendigvis innverknad på korleis samhandlinga mellom HVO og skuleeigar føregår. Utfordringane for HVO er å dekke skuleeigar sine behov, samtidig som pålagde interne aktivitetar som undervisning og forskning også må ivareta. Skuleeigarane sine utfordringar er å kartlegge behova og formidle tydeleg til HVO kva tiltak dei ønskjer. Den nye situasjonen **krev omstillingsevne hos begge partar.** Særleg overfor dei vidaregåande skulane må HVO spele ei anna/ny rolle.

Også i debatten om kompetanseheving blir dei fagtilsette sin kjennskap til skulane framheva. God kjennskap til skulane vil gjere det enklare for HVO å jobbe fram tiltak som samsvarer med skulane sine behov. Det er også ønskjeleg at FoU-verksemda ved HVO vert retta meir inn mot praksisfeltet, noko som kan føre til meir relevante og rimelegare tiltak frå HVO til skuleeigar. **Ønsket om at HVO skal kople forskinga nærare til skulane sine erfaringsområde, handlar om å knyte vitenskap og praksis nærare kvarandre.** Dette er eit tema som har gått igjen i alle problemstillingane i dette prosjektet. For det første har det blitt peika på at praksisfeltet må vise betre igjen i undervisninga ved HVO, for å tydeleggjere samspelet mellom teori og praksis. Slik vil utdanninga i endå større grad gjere studentane kompetente til å møte utfordringane profesjonen stiller til den enkelte lærar. For det andre har det blitt peika på at eit tettare forhold mellom vitenskap og praksis også vil kunne bidra til at



kompetansehevingstiltaka reflekterer praksisfeltet sine behov. For å få til dette er dialog og samarbeid mellom HVO og skuleeigar sentralt. Ettersom HVO har utvikla møteforum med praksisfeltet, ligg forholda godt til rette for slik dialog, særleg om ein i større grad får involvert representantar frå fagmiljøa.



## Referansar

- Bergem, R., Bachmann, K., Båtevik, F.O, og Kvangarsnes, M. (2006): *Tidleg oppstart med nye læreplanar. Kartlegging av erfaringar med førebuing og iverksetjing*. Arbeidsrapport nr 196. Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda.
- Blichfeldt, JF, Deichman-Sørensen, T og Lauvdal. T (1998): *Mot et nytt kunnskapsregime? Evaluering av Reform 94. Organisering og samarbeid*. Sluttrapport. AFIs rapportserie.
- Dahl, H. (1959): *Norsk lærerutdanning fra 1914 til i dag* Universitetsforlaget. Oslo
- Hagen, A., Nyen, T. og Hertzberg, D. (2006): *Evaluering "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008"*. Delrapport 1 Fafo-notat 2006:09.
- Hagen, A., Nyen, T. og Hertzberg, D. (2007): *Evaluering "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008"*. Delrapport 2, Fafo-notat 2007:11.
- Hove, S. (2007): "Profesjonsutdannere mellom krav og realitet". I: *Læring for profesjonskompetanse*. Redigert av Wilhelmsen, B.U, Hole, G.O, 37-56, Forskningsrapport/artikkelsamling, skriftserien nr 2-2007, Høgskolen i Bergen
- Haug, P (2004): *Resultat frå evaluering av Reform 97*.  
<http://www.rcn.no/servlet/Satellite?blobcol=urlvedleggfil&blobheader=application%2Fpdf&blobkey=id&blobtable=Vedlegg&blobwhere=1088882926626&ssbinary=true>  
(13. mars 2008)
- Wilhelmsen, B.U, Hole, G.O. red. (2007): *Læring for profesjonskompetanse*. Forskningsrapport/artikkelsamling, skriftserien nr 2-2007, Høgskolen i Bergen.
- Jensen, P.I. (2007): "Praksisopplæring i lærerutdanningene – analyse og nye perspektiver" i Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen/NOKUT (2006): *Evaluering av allmennlærerutdanningen i Norge*. Del 1 Hovudrapport.
- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) (2006a): *Evaluering av allmennlærerutdanningen i Norge 2006. Del 1: Hovedrapport*.
- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) (2006b): *Evaluering av allmennlærerutdanningen i Norge 2006. Del 2: Institusjonsrapporter*
- Stortingsmelding nr 30 (2003-2004): *Kultur for læring*
- Stortingsmelding nr 16 (2001-2002): *Kvalitetsreformen. Om ny lærerutdanning. Mangfoldig - Krevende - relevant*.
- Terum, L.I (2008) *Praksisfeltet som kvalifiseringsarena* Presentasjon lagt fram på Erfaringsdelingsseminar for samarbeidsprosjektet, arrangert av Utdanningsdirektoratet, Oslo Kongressenter 30. januar 2008
- Utdannings- og forskningsdepartementet (2003): *Rammeplan for Allmennlærerutdanningen*.

